



Opne samtalar i lukka fengsel

Kva beskriv innsette og tidlegare innsette som viktig for å få ein open og ærleg samtale med fengselsprest/fengselsdiakon, og kva kan gjerast for å legge betre til rette for dette?



Linda Helen Bredeesen Slyngstad

Vegleiar: Hans Morten Haugen

VID vitenskapelige høgskole

Diakonhjemmet, Oslo

Masteroppgåve

MADIA 599: Master i diakoni

Tal på ord: 24.911

Dato: 15.11.21

Samandrag

I denne oppgåva har eg valt å sjå nærare på samtalar mellom fengselsprestar/fengselsdiakonar og innsette i fengsel. Kva skal til for at dei innsette føler det trygt nok til å ha opne og ærlege samtalar med desse? Er det noko som kan gjerast for å legge betre til rette for slike samtalar? Gjennom oppgåva forsøker eg å svare på problemstillinga: Kva beskriv innsette og tidlegare innsette som viktig for å få ein open og ærleg samtale med fengselsprest/fengselsdiakon, og kva kan gjerast for å legge betre til rette for dette?

Blant informantane var det på intervjutidspunktet seks innsette og tre tidlegare innsette personar. Kriteriet for å vere informant, var at ein måtte hatt minst éin samtale med fengselsprest medan ein sat inne. Ingen av informantane hadde vore i fengsel med fengselsdiakon, og fokuset for intervjuet vart derfor samtalanene med fengselsprest. Informantane fortalde om mange gode samtalar, prega av både humor, kvardagsprat og såre tema. Dei fortalde også kvifor dei opplevde det lettare å opne seg for nokon enn for andre, og nokon stader framfor andre stader, og var innom tema eg har valt å strukturere under overskriftene trygge rom, trygge personar, trygge roller, trygge tidspunkt og trygge samtalar.

Gjennom intervjuet kom det fram mykje interessant, mellom anna viktigheita av å kunne bygge ein relasjon over tid, og kor avgjerande taushetsplikta til fengselsprestane vart opplevd av informantane når det kom til ønsket om å opne seg for nokon. Det kom også fram at informantane sette stor pris på å få samtale med fengselsprestane, uansett eigen tilhøyrse til Den norske kyrkje eller andre livssyn/religionar. Samtalanene vart opplevd som lyspunkt i kvardagen, og informantane fortalde dei vart både gladare og rolegare etter å ha opna seg for nokon. Svarene informantane gav, har eg knytt opp mot teori som omhandlar makt, profesjonelle samtalar, sjelesorg og skam.

Med denne oppgåva ønsker eg også å løfte fram diakonien som allereie blir utført av fengselsprestar i norske fengsel, og på same tid utfordre tanken om at det frå Den norske kyrkje i dei fleste fengsel berre er fengselsprestar som arbeider. Nokre fengselsdiakonar har dei siste åra blitt tilsett, men kanskje er det rom for endå fleire?

Innhald

Samandrag.....	2
Forord.....	6
Bakgrunn og motivasjon.....	6
1 Diakonalt arbeid i norske fengsel.....	7
1.1 Innsette i fengsel og eksistensielle samtalar.....	7
1.2 Problemstilling.....	8
1.3 Avgrensing.....	9
2 Kontekst.....	10
2.1 Innsette i norske fengsel.....	10
2.1.1 Innsette sine levekår i barndomen.....	10
2.1.2 Innsette sine levekår før fengsling.....	11
2.1.3 Innsette sine levekår under fengselsopphaldet.....	12
2.2 Fengselsprestar/-diakonar.....	12
3 Teori.....	14
3.1 Maktforhold mellom innsette og profesjonsutøvar.....	14
3.1.1 Makt gjennom institusjon og rolle.....	14
3.1.2 Asymmetriske og komplementære relasjonar.....	15
3.1.3 Tillit og makt.....	16
3.2 Rammer for profesjonelle samtalar.....	16
3.2.1 Overordna rammer.....	16
3.2.2 Den viktige relasjonen.....	17
3.2.3 Formål og innhald.....	17
3.3 Sjelesorg.....	18
3.3.1 Kva er sjelesorg?.....	18
3.3.2 Hjelp gjennom kriser.....	19
3.3.3 Empati.....	20
3.3.4 Godheit.....	20
3.3.5 Verdigheit.....	21
3.3.6 Synd og tilgjeving.....	22
3.4 Skam.....	23
3.4.1 Destruktiv skam.....	23
3.4.2 Skam rundt verdigheit og ære.....	24
3.4.3 Skamlausheit.....	25
4 Metode.....	26

4.1 Val av metode.....	26
4.1.1 Kvalitativ metode	26
4.1.2 Utval av informantar	26
4.1.3 Utforming av intervjuguide	27
4.2 Gjennomføring	28
4.2.1 Rekruttering av informantar.....	28
4.2.2 Innsamling av materiale	28
4.2.3 Analyseprosessen	29
4.3 Etske omsyn.....	29
4.4 Validitet og reliabilitet.....	31
5 Kva la informantane vekt på?.....	32
5.1 Trygge rom	33
5.1.1 Stad og rom	33
5.1.2 Avlytting.....	34
5.2 Trygge personar.....	34
5.2.1 Empati.....	34
5.2.2 Tillit.....	35
5.2.3 Relasjon	35
5.2.4 Å vere seg sjølv	36
5.3 Trygge roller	36
5.3.1 Fængselsprest.....	36
5.3.2 Tilsette i Kriminalomsorga.....	37
5.3.3 Frivillige	38
5.3.4 Innsette.....	39
5.3.5 Faste grupper	40
5.4 Trygge tidspunkt.....	41
5.4.1 Tid for seg sjølv	41
5.4.2 Tid for å opne seg	41
5.4.3 Tid i soninga.....	42
5.4.4 Tid saman	43
5.5 Trygge samtalar	43
5.5.1 Innleiing	43
5.5.2 Innhald.....	44
5.5.3 Mål.....	46
5.5.4 Verknader	47

6 Drøfting.....	47
6.1 Trygge rom	48
6.1.1 Rom for samtale	48
6.1.2 Samtale under fire auge og fire øyre.....	49
6.2 Trygge personar.....	51
6.2.1 Relasjonsbygging og tillit	51
6.2.2 Empatisk tilnærming og kognitiv kunnskap	52
6.2.3 Å vere seg sjølv, men prega av godheit.....	54
6.3 Trygge roller	54
6.3.1 Maktforhold innsette imellom	54
6.3.2 Maktforhold mellom innsette og tilsette	55
6.3.3 Fengselsprestar i ei diakonal rolle	58
6.4 Trygge tidspunkt.....	58
6.4.1 Tilgjengeleg i kriser	58
6.4.2 Tilgjengeleg over tid	59
6.4.3 Tid til den enkelte.....	60
6.5 Trygge samtalar	61
6.5.1 Det trygge mellomrommet.....	61
6.5.2 Trygt nok for sårbart innhald.....	62
6.5.3 Samtalar å føle seg trygg av.....	64
6.5.4 Samtalar med mål og meining.....	65
7 Avslutning	65
8 Litteraturliste.....	70
Vedlegg 1: Informasjonsskriv og samtykkeerklæring.....	75
Vedlegg 2: Intervjuguide for tidlegare innsette	80
Vedlegg 3: Intervjuguide for innsette.....	81
Vedlegg 4: Godkjenning frå NSD	82
Vedlegg 5: Godkjenning frå Kriminalomsorga.....	84

Forord

Bakgrunn og motivasjon

«Pass dokker!» Eg kjende hjartet dunke fortare, og heile kroppen vart med eitt i stille alarmberedskap. Praksisperioden var nettopp begynt, og eg hadde min første dag i fengsel saman med fengselsprest. Då vi kom inn fekk eg utlevert alarm, og vart nøye opplærd i korleis den skulle brukast i tilfelle behov. Det ville då kome tilsette springande frå alle kantar for å redde situasjonen. Dei siste som ville kome var politi med skjold og våpen, fortalde dei. Med alt dette friskt i minnet stod eg der no, temmeleg stiv. Vi var nettopp komne inn i fellesarealet på eine avdelinga. Det var eit mannsfengsel, og eg vart slått av kor mange som var ekstra «tøffe i trynet». Det var akkurat som ei maske av hardheit som alle hadde på seg, så ingen skulle kunne sjå kva som rørte seg på innsida. Nesten alle. I sofaen, ikkje langt frå dei som stod og kasta dartpiler og gjekk nokre ekstra steg bak då dei såg vi kom inn, sat ein som ikkje hadde fått den maska endå. Kanskje hadde ikkje han forstått det. Han såg iallfall så sårbar ut der han sat. Men vi stod og snakka med ein av dei som såg tøff ut. Det var han som no vifta med armane og gav oss beskjed som om noko var på veg til å skje rett bak ryggen vår: «Pass dokker!» Eg tok eit steg bakover samtidig som eg snudde meg, medan eg kjende spenninga sitra i kroppen. Mot oss kom ein innsett småspringande, han ville forbi på veg mot cella si – og i hendene hadde han ostekaka han nettopp hadde laga.

«Er det mogleg?!» tenkte eg, flau over meg sjølv og eigen reaksjon. Tankane mine gjekk til dei eg sjølv kjenner som har hatt ei kortare eller lengre periode i fengsel. Dei er jo vanlege folk, og faktisk veldig trivelege til og med. All logikk skulle tilseie at på denne avdelinga var det også mange som potensielt kunne vere veldig trivelege folk. Og sannsynlegvis var der like mange historier som personar. Eg ville tippe at mange hadde tunge historier frå barndomen, dei kunne sikkert sagt noko om kva som førte til at dei tok feil val ein eller mange gonger, og mange hadde nok livserfaringar dei fleste av oss håper vi aldri får. Og nokon var der kanskje mest fordi dei likte spenninga i eit kriminelt liv, kva visste vel eg. Men kva skulle til for å kome bak maskene og få innblikk i kven dei verkeleg var? Var det mogleg å få samtalar der dei opna seg og viste ei sårbar side bak hardheita dei hadde opparbeidd seg?

1 Diakonalt arbeid i norske fengsel

1.1 Innsette i fengsel og eksistensielle samtalar

Fengsel kan vere ein fascinerande institusjon i samfunnet, avskore frå alt anna. Bak låste dører går livet til mange vidare, eller kanskje opplevast det heller som det blir sett på vent, på eit vis dei fleste av oss veit lite om. Vi kan lese i avisa kva som gjer at personar hamnar der, men ikkje like mykje om kva som då møter dei og kva som går føre seg før dei skal ut igjen i samfunnet. Ein del forskning er likevel blitt gjort, også som rører ved emnet eg skal gå inn i, som omhandlar både teologi og samtalar.

Den norske kyrkje har hatt ein fot innanfor fengselsdørene over lang tid (Furseth, 2013). Noko av det meir spesielle som blir drive er ignatiansk retreat i Halden fengsel, etter svensk modell frå Anstalten Kumla (Nyhus, 2015). Dette har mellom anna Tone Stangeland Kaufman (2017) skrivt ein artikkel om ut frå si forskning på retreaten i Kumla. Her går ho spesifikt inn på fire av dei åndelege praksisområda og korleis dei spelar ei rolle i rehabiliteringa og det vidare livet til nokre av dei innsette. I Halden fengsel vart det halde retreat første gong i 2014. Fengselsprest Kjell Nyhus skriv om dette i boka «Hvis jeg har en sjel. Fortellinger fra klosteret i fengselet» (2015). Den norske modellen blir for tida forska på av doktorgradsstipendiat Vegard Holm. Han har dykka djupare ned i spørsmåla rundt korleis tru påverkar måten vi lever på, og om det er forskjell mellom tru i teori og praksis (Aadland, 2016, s. 8). Innanfor fagfeltet diakoni har Sølvi Rise forska på erfaringar frå ignatiansk retreat i si masteroppgåve, der delar av utvalet var innsette i fengsel som hadde gjennomført nettopp denne retreaten (Rise, 2020). Innan same sjiktet er også Leif Gunnar Engedal si empiriske undersøking på innsette sine pilegrimserfaringar (2011).

I skjeringspunktet til det teologiske feltet finn vi ei hovudfagsoppgåve i kriminologi om «Tro og liv i fengsel og frihet» (Feyling, 2001), og ei masteroppgåve innan psykologi om «Samtaler om tilgivelse: En narrativ studie om fenomenet selvtilgivelse hos innsatte og tidligere innsatte» (Gravås & Velund, 2008). Innan ulike studieretningar har det også blitt forska på samtalar i fengsel. Ida Rønningen har skrivt masteroppgåve om samtalar og

musikkterapi i fengsel (2019), medan Marianne Frøystad Walderhaug si doktoravhandling omhandla filosofiske samtalar med innsette i fengsel (Universitetet i Bergen, 2018).

1.2 Problemstilling

Forskinga som tidlegare er gjort innan teologi eller samtalar, som er dei felte som er i kryssingsfeltet eg har valt å fokusere på, omhandlar i stor grad retreat og pilegrimsvandring. I tillegg er der enkeltoppgåver om samtalar innan musikkterapi og filosofi. Sjølv har eg valt å sjå nærare på noko av Den norske kyrkje sitt arbeid, og eg ønsker å dykke djupare ned i noko av det fengselsprestar og fengselsdiakonar gjerne gjer aller mest, nemleg å ha samtalar med dei innsette. Spesielt ønsker eg å finne ut meir om kva som gjer at det opplevast trygt så ein ønsker å opne seg for nokon i eit fengsel, og for fengselsprest/-diakon spesielt.

Kva beskriv innsette og tidlegare innsette som viktig for å få ein open og ærleg samtale med fengselsprest/fengselsdiakon, og kva kan gjerast for å legge betre til rette for dette?

Å få innblikk i dette kan vere nyttig for tilsette i Den norske kyrkje som arbeider i fengsel. Å vite meir om dei innsette sine eigne tankar og opplevingar, gjer det lettare å legge til rette for samtalar der ein får moglegheit til å opne seg og dele også det som opplevast sårt og sårbart. Sidan samtalar er noko fengselsprestar brukar mykje tid på, kan det vere nyttig å få eit større innblikk i den andre parten sine synspunkt rundt akkurat dette. For tilsette i Kriminalomsorga kan det også vere nyttig å vite meir om kven dei innsette opplever dei kan opne seg for i fengsel og kvifor.

Det er endå ikkje mange diakonar tilsette i norske fengsel, men dei fleste fengsel har tilbod om fengselsprest tilsett gjennom Den norske kyrkje. Eg vil likevel argumentere for at mykje av arbeidet som blir drive gjennom kyrkja i fengsla er diakonalt. Diakoni blir i Plan for diakoni (Den norske kirke, 2020, s. 2) omtalt som kyrkja si omsorgsteneste. Fengselsprest Kjersti Wernø seier det slik:

«Alt i alt er altså prestens arbeid og rolle mangesidig. Hun skal være prest for de kristne og være i dialog med dem som ellers ønsker det. Hun er samtalepartner med

mange, også dem som av ulike årsaker ikke går i kirken, eller som har et annet livssyn. Hun skal forkynne evangeliet og forvalte sakramentene. Hun skal i alle ting være en diakon, en som tjener mennesker, en som ser nøden og smerten, og som bryr seg» (Wernø, 2016, s. 302).

Med dette som bakgrunn, er det interessant å sjå vidare på det diakonale arbeidet som blir drive i fengsel. Problemstillinga er ikkje avhengig av kven som utøver arbeidet, det diakonale aspektet er uansett viktig.

1.3 Avgrensing

I løpet av tida ein er innsett i eit fengsel har ein mange ulike samtalar med ulike personar. Mellom anna kan dette vere med fengselsbetjentar, psykolog, lærarar, andre innsette, fengselsprest, vennar og familie som kjem på besøk eller frivillige som er innom. Av dei frivillige kjem fleire av desse frå kristne organisasjonar, til dømes Frelsesarmeen, Kirkens Bymisjon og Blå Kors. Sjølv om eg i oppgåva er innom korleis det er å opne seg for fleire av desse, har eg likevel valt å fokusere på samtalanane med fengselsprest og eventuelt fengselsdiakon.

I kapittel 6 kjem eg inn på at også personar med anna livssyn enn kristen tru sett pris på samtalar med fengselsprest. Alle innsette, uansett religion eller livssyn, har rett til å praktisere sin eigen religion. Ifølge St.meld. nr. 37 ((2007-2008), s. 118) skal alle innsette tilhøyrande andre trussamfunn ha moglegheit for å ta imot prest eller sjelesørgjar frå sitt eige trussamfunn på lik linje med dei som er medlemmar i Den norske kyrkje og mottek betjening frå fengselsprest. I dag er det i stor grad fengselsprestane som legg til rette for religionsutøving i fengsla, også for dei tilhøyrande andre religionar. Samtidig er no omtrent kvar tredje innsett utanlandsk statsborgar, mange av desse frå muslimske eller katolske område (Meld. St. 39 (2020-2021), s. 58).

Stillinga Den norske kyrkje og fengselsprestane har i norske fengsel, har over lengre tid vore oppe til diskusjon. Sjølv om fengselsprestane gjerne blir sett på som rause med innsette tilhøyrande andre trussamfunn, og at dei gjerne både samtalar med desse og forsøker å legge

til rette for at også desse skal få praktisere si tru, blir det av somme sett på som uheldig at det ofte er fengselsprestane som har ansvar for å legge til rette for alt innan religion og livssyn (Assev, 2008). Kyrkjerådet i Den norske kyrkja melder i desember kvart år til Barne- og familiedepartementet om prioriteringar for statsbudsjett to år seinare, deriblant behovet for fleire fengselsprestar, slik det skjedde for 2020-budsjettet (Kyrkjerådet, 2018, s. 4). Slik fengselsprestordninga er ei importordning der Den norske kyrkje står som arbeidsgivar, ønsker regjeringa at også andre trussamfunn sjølve skal finne midlar gjennom sine tilskot til å stille med trus- og livssynstenester i fengsla (Meld. St. 39 (2020-2021), s. 58). Trass i framlegg frå KrF i 2000 om å tilsette fengselsimamar (Kaasa, 2000), kan eg ikkje finne noko om at det endå har blitt tilsett verken fengselsimam eller fengselshumanist.

2 Kontekst

2.1 Innsette i norske fengsel

I Norge er det i 2021 i overkant av 3600 fengselsplassar. Desse er fordelt på 58 operative fengsel i 33 fengselseiningar. Litt under 70% av fengselsplassane er på høg sikkerheit (Kriminalomsorgen, u.å.c). Menn står for rundt 94% av alle fengselsplassar i Norge (Kriminalomsorgen, u.å.b).

I 2014 gjorde Statistisk Sentralbyrå ei levekårsundersøking om innsette sine levekår før, under og etter soning. Dette var ei intervjuundersøking, og resultatata vart sette opp imot ei referansegruppe. 7 av 10 som svarte var nordmenn, dei aller fleste var menn og fleirtalet var under 40 år (Revold, 2014, s. 4). Levekårsundersøkinga tek opp mange ulike indikatorar. Eg har her valt å trekke fram dei sidene som i størst grad omhandlar relasjonar, og som også kan gi eit lite bilde av korleis bakgrunnen for nokre av informantane i oppgåva kan vere, utan at desse fekk spesifikke spørsmål rundt alt dette.

2.1.1 Innsette sine levekår i barndomen

Levekårsundersøkinga viste mange faktorar der innsette kom dårlegare ut enn befolkninga elles, og dette gjaldt heilt frå barndomen av. 34% av dei i fengsel sa dei hadde opplevd alvorleg krangel, slåssing eller bruk av vald i heimen i oppveksten, og to tredjedelar av desse sa dette hadde hendt ofte. Fire av ti hadde sjølv blitt mishandla i oppveksten. I heile ni av ti tilfelle gjaldt dette fysisk mishandling, seks av ti hadde opplevd psykisk mishandling, og to av ti seksuell mishandling. Nesten fire av ti hadde budd saman med nokon som brukte narkotika eller hadde alkoholproblem før dei var 18 år. Nesten fire av ti hadde også vore i kontakt med norsk eller utanlandsk barnevern før dei var fylt 18. Vel fire av ti hadde opplevd at nokon i familien sat i fengsel (Revold, 2014, s. 15ff). Det er verdt å merke seg at alle desse indikatorane er betydeleg høgare blant dei som har sona ein dom før enn blant førstegongssonarane. Det er også høgare blant dei som sonar kortare dommar enn dei som sonar lengre dommar, og mange av indikatorane er høgare blant dei yngre enn blant dei eldre (Revold, 2014, s. 17-19).

2.1.2 Innsette sine levekår før fengsling

Utdanning er ein viktig levekårsindikator. Ei utdanning gir betre grunnlag for jobb og utvidar jobbmoglegheitene. Utdanning gir også eit sosialt nettverk og er ein del av sjølv identiteten. Litt over to av ti frå referansegruppa hadde ikkje utdanning utover grunnskulen, men nesten sju av ti av dei innsette hadde ikkje utdanning utover ungdomsskulen. 28% har vidaregåande som høgste utdanningsnivå, og berre 6% har høgare utdanning. 30% sa dei hadde lese- og skrivevanskar (Revold, 2014, s. 22-23).

Akkurat som utdanning, er også arbeid ein viktig indikator som gir identitet og sjølvkjensle, i tillegg til å vere den viktigaste inntektskjelda for dei fleste. Over åtte av ti var i arbeid frå referansegruppa, men av dei innsette var under fire av ti i lønna arbeid ved innsetting. 28% var fast tilsett. 27% hadde ei årsinntekt før innsetting på under 100.000 kr, 46% hadde årsinntekt på 100.000-300.000 kr og 27% hadde årsinntekt over 300.000 kr. I referansegruppa hadde 72% ei årsinntekt på over 300.000 kr, og dei innsette låg altså langt under snittet. Blant dei yngre innsette var det flest som hadde vore i arbeid, men også lavast utdanningsnivå. Dei som sona sin første dom hadde gjennomgåande betre levekår før innsetting enn dei som hadde sona fleire domar (Revold, 2014, s. 24-26).

Når det gjeld sosial kontakt, melder 12% av innsette at dei ikkje har nokon nære dei kan prate fortruleg med. Dette talet er signifikant høgast blant dei som sonar lange domar, og lavast blant dei som sonar korte domar. Elles i befolkninga er dette talet 3%. 15% svarte dei før innsetting ikkje hadde nokon nære vennar dei trefte minst ein gong i året, og 14% har ingen, heller ikkje familie, dei kan rekne med om dei får problem. Også desse tala auka med domslengde. Dei fleste har heldigvis nokon, men det er eit høgt tal som har lite nære relasjonar. Fire av ti har barn under 18 år, men fleirtalet av desse har ikkje foreldreansvar for alle barna (Revold, 2014, s. 58ff).

2.1.3 Innsette sine levekår under fengselsopphaldet

Sosial kontakt er ein viktig del av menneske sin kvardag, og det kan vere sentralt for livskvaliteten at ein også har nokon å prate fortruleg med den tida ein er i fengsel. 62% av dei innsette sa dei har nokon å snakke med. 45% sa dei kan prate med andre innsette om korleis dei har det, og dette gjaldt særleg dei yngre. 31% nemner kontaktbetjent, og 16% andre betjentar som nokon dei kan fortelje korleis dei har det. 11% seier dei kan snakke med prest eller andre religiøse leiarar. Færre enn 10% seier dei kan snakke med sosialrådgivar, fritidsleiar eller helsepersonell i fengselet (Revold, 2014, s. 31).

Seks av ti av dei innsette har fått besøk i løpet av dei siste tre månadane. Det er ein signifikant forskjell på domslengde når det gjeld besøk. Vel fire av ti på korte domar har fått besøk dei siste tre månadane, medan for domar over fem år er talet nesten åtte av ti (Revold, 2014, s. 32).

2.2 Fengselsprestar/-diakonar

I boka «Fengslet. En bok om å sitte inne.» (Ersland, 2010) møter vi Jon, ein ung mann som sit i fengsel for første gong. Etter over ein månad i varetekt skriv han i dagboka si: «Lurer på hvordan psyken min kommer til å bli her. Eneste personen eg kan snakke med er advokaten» (Ersland, 2010, s. 30). Nokre dagar seinare skriv han: «Men igjen hadde det vært kjekt å ha

noen å snakke med, det savner eg. For eg kan ikkje si alt til fangevokterne, eller dele mine tanker og meninger» (Ersland, 2010, s. 31). Noko liknande finn vi i Nyhus si bok om ignatiansk retreat i Halden fengsel, då ein av dei innsette på retreaten seier: «...som sagt har jeg hatt et greitt forhold til de ansatte hele veien. Men det er tross alt en avstand. Jeg verken vil eller våger å opne meg helt for betjentene. Det er vanskelig. Hvorfor skal jeg det? Det er noe helt annet å snakke med dere retreat-folk og Reidar. Jeg vet dere aldri vil bruke tanker og følelser mot meg» (Nyhus, 2015, s. 145).

Mellom anna i slike situasjonar er det fengselsprestar og fengselsdiakonar kan kome inn i bildet. På mange måtar har Kriminalomsorga blitt meir sekulær, men stillinga Den norske kyrkje har inn imot fengsel har likevel blitt verande i ei særstilling mellom religiøse og livssynsaktørar, og det har til og med blitt stadig fleire fengselsprestar tilsette siste åra. Dei fleste fengsel har eige kontor for fengselsprestane, og mange har også eige lokale for gudstenester (Furseth, 2013, s. 161-162). I 2018 hadde talet fengselsprestar auka til 23 stillingar (Den norske kirke, 2019, s. 26). I tillegg har det dei siste åra blitt etablert nokre stillingar som fengselsdiakon (2017, Den norske kirke, Sør-Hålogaland bispedømme).

I straffegjennomføringslova (2001), står det i §23: «Kriminalomsorgen skal gi innsatte mulighet til å utøve religion og livssyn». Vidare skriv Kriminalomsorga at ved fengsel med fengselsprest, har denne ansvaret for å gjere teneste ovanfor dei av fangane som er medlemmar i Den norske kyrkje, og andre dersom dei ønsker det. Dei innsette har rett på sjelesorg, delta på gudstenester eller andre religiøse tenester så sant det let seg praktisk gjere. Dersom innsette ønsker samtale med prest eller sjelesørgjar, skal denne tilkallast. I fengsla skal det, så langt det let seg gjennomføre, leggst til rette for eigna lokale for både gudsteneste og sjelesorg (Kriminalomsorgen, u.å.a). At presten skal utøve samtalar i form av sjelesorg, er også heimla i §1 i forskrifta om tenesteordning for fengselsprestar (2016).

Når det gjeld tausheitsplikt, står det i nemnde forskrift §8 at fengselspresten har tausheitsplikt etter gjeldande reglar. Dette gjeld sjølvsagt den generelle tausheitsplikta som omhandlar nokon sine personlege forhold i forvaltningslova §13 (1967), men også den strengare tausheitsplikta om å ikkje røpe hemmelegheiter som er heimla i straffelova §211 (2005). Ifølgje Diakonforbundet sine yrkesetiske retningslinjer for diakonar, er også diakonar underlagt dei same tausheitspliktene (Det Norske Diakonforbund, 2014, s. 9).

3 Teori

3.1 Maktforhold mellom innsette og profesjonsutøvar

3.1.1 Makt gjennom institusjon og rolle

Makt kan i ein fengselssituasjon kome til uttrykk på fleire plan, mellom anna gjennom institusjonell makt. På vegne av velferdsstaten og samfunnet, har ulike institusjonar blitt tildelt makt. Denne makta brukast til å ta avgjersler som vedkjem brukarane, og kan til dømes ha grunnlag i lover og forskrifter (Jensen & Ulleberg, 2019, s. 201). Gjennom denne makta kan profesjonsutøvarar tildele både ulike gode og hjelpetiltak basert på skjønn. Innanfor rammene av dei institusjonaliserte mekanismane og den institusjonelle makta, utviklar profesjonsutøvarane ein praksis basert på dei rutinane og normene for samhandling som er vanleg innanfor den gitte institusjonen (Jensen & Ulleberg, 2019, s. 201).

Maktforholdet i relasjonen mellom profesjonsutøvar og brukar, i vårt tilfelle innsette, kjem også til uttrykk gjennom dei ulike rollene ein innehar. Profesjonsutøvarar har gitte forventningar frå ulike hald som definerer rolla dei har, og makta i denne rolla kan vere mykje større enn ein sjølv tenker over. Trass i at ein kanskje sjølv føler seg som den svake part, eller at ein er i ein jambyrdig relasjon, vil dette aldri vere tilfellet i gitte yrkesroller tillagt makt over brukarane. Om brukaren sjølv opptre dominerande og som ein sterk part, vil dette heller ikkje endre på maktforholdet. Ubalansen i makt basert på rolleforskjell, er ein viktig faktor i relasjonen (Eide & Eide, 2019, s. 26).

I fengsel kan den institusjonelle makta vise seg ved at dei innsette blir fråtekne alle moglegheiter til å delta i det daglege som gjer oss til dei vi er, som arbeid, familieliv, bursdagsselskap og liknande. Ein blir kroppsvisitert og strippa for ting vi forbinder med identiteten vår, som mobiltelefon og pc, klede og sminke. Det er strenge reglar for kva og kor mykje ein kan ta med inn av personlege egedelar. Det er eit kunstig konstruert miljø, der fangane skal tilbringe måltid, fritid, og arbeid eller skule i det same miljøet med dei same

menneska. Der skal dei innsette straffast med eit mål om å igjen gjere dei til gode samfunnsborgarar (Nygård, 2016).

Som prest i eit fengsel er ein også plassert i eit slikt maktrom. Fengselet som institusjon er eit maktrom i seg sjølv. I tillegg representerer ein fengselsprest det åndelege, noko som inneber både Guds kraft og velsigning. Sjelesorga går derfor føre seg i eit rom som rommar mykje meir enn berre orda som blir sagt. Samtalane som blir førte blir også prega av kva rom dei er i, og det er ifølgje Nygård stor forskjell på samtalane sin karakter alt ettersom dei blir halde i cella, fellesrom, kyrkja eller prestekontor (Nygård, 2016).

3.1.2 Asymmetriske og komplementære relasjonar

Relasjonen mellom profesjonsutøvar og brukar, er i utgangspunktet ein komplementær relasjon, altså ikkje jambyrdig (Jensen & Ulleberg, 2019, s. 123). Dette kjem vanlegvis til uttrykk allereie i første møtet mellom dei to, der profesjonsutøveren gjerne på ulike måtar gir tydeleg uttrykk for rollene i relasjonen. Brukaren, på si side, vil med visse unntak godta denne definisjonen, og tilpassar måten ein kommuniserer vidare ut ifrå dette. Rollene i relasjonen kan bli eksplisitt snakka om, men oftast blir det vidare indirekte kommunisert undervegs, til dømes gjennom måten ein snakkar på og rommet ein er i (Jensen & Ulleberg, 2019, s. 124).

Ein jambyrdig relasjon kan kallast symmetrisk. Relasjonen mellom brukar og profesjonsutøvar er både komplementær og asymmetrisk. Asymmetrien blir mellom anna synleg ved at profesjonsutøveren ikkje møter brukarane i deira profesjonelle roller, men som privatpersonar. Profesjonsutøveren er tilsett for å yte noko til brukaren, og brukaren på si side treng noko frå den profesjonelle. Brukaren er ofte i ein svakare posisjon enn profesjonsutøveren, og denne posisjonen, ofte prega av både manglande kunnskap og avmakt, kan gjere det meir komplisert for brukaren å vise tillit til den profesjonelle. I mange tilfelle er dei avhengige av relasjonen dei får, noko som også kan gjere det utfordrande å klage dersom ein meiner noko ikkje er bra nok (Jensen & Ulleberg, 2019, s. 201).

3.1.3 Tillit og makt

At relasjonen er ein maktrelasjon, slik kanskje ein kvar relasjon kan seiast å vere, kjem også til uttrykk gjennom i kor stor grad ein utleverer seg sjølv. Dette er noko Løgstrup «Den enkelte har aldri med et annet menneske å gjøre uten å holde noe av dette menneskets liv i sine hender» (Løgstrup, 1999, s. 37). Ved å utlevere seg sjølv og gjere seg sårbar, er ein også avhengig av måten ein blir tatt imot, og om ein blir forstått og akseptert. Ein legg til grunn ein tillit der ein vågar seg fram og forventar å bli komen i møte. Dette er ein interdependens som også går begge vegar, i det begge dels må utlevere seg sjølve i relasjonen til den andre. I dette ligg også ei etisk fordring, i det det ligg eit moralsk ansvar på den andre i å ikkje misbruke eller utnytte makta som ligg i relasjonen (Eide & Eide, 2019, s. 86-87).

Denne tilliten kan også følge yrkesrolla profesjonsutøveren har. Yrkesrolla kan gjere at dei som oppsøker ein lettare opnar opp og viser sårbare sider ved seg sjølv enn dei ville gjort ovanfor andre. Å vise tillit og å bli vist tillit, kan føre med seg både positive og negative sider. Det kan opne for at ein bevegar seg vidare og inn på nye område saman, men det gir også ein risiko for at tilliten kan bli broten. Makta ein gir frå seg ved å vise nokon tillit, gir den andre moglegheit til å velje å lytte eller avvise, krenke eller støtte, og ein kan velje å hjelpe eller oversjå (Eide & Eide, 2019, s. 26-27).

3.2 Rammer for profesjonelle samtalar

3.2.1 Overordna rammer

Profesjonelle samtalar har visse rammer rundt seg. Grensene dette legg opp til kan vere både nødvendige og unødvendige. Ei av rammene er sjølve staden samtalan går føre seg, der både type bygg, type rom, utstyr og møblering kan gi ei føring for kva tema og type historier som er aktuelle å snakke om (Jensen & Ulleberg, 2019, s. 316-317). Andre rammer kan gå på korleis ein kallar inn til samtale, tidspunkt, lengde på samtalen, kven som skal vere til stades, eventuell servering, strukturering av samtalen, innleiing og avslutting. I kor stor grad brukaren sjølv kan ta initiativ til samtale gir også ei ramme for sjølve samtalen. Ein kan ofte oppleve det ulikt om det er profesjonsutøveren som kallar inn nokon til samtale i forhold til om

brukaren sjølv spør om å få ein samtale, eventuelt om brukaren spontant tek initiativ når dei har noko på hjartet (Jensen & Ulleberg, 2019, s. 317-318).

3.2.2 Den viktige relasjonen

Arbeidsplassen skaper viktige rammer for kommunikasjon, og dette kan vidare påverke relasjonen mellom profesjonsutøvar og brukar i positiv eller negativ grad. Nettopp relasjonen mellom brukar og profesjonsutøvar har i nyare forskning vist seg svært viktig, og er den mest avgjerande grunnen brukarar peiker på i kva som fører til eit godt resultat (Jensen & Ulleberg, 2019, s. 204). Ein vellykka praksis har visse felles karakteristikkar. Det viktigaste er at profesjonsutøvaren må lytte til brukarane ein jobbar med. Brukarane sine erfaringar skal ha forrang framfor profesjonsutøvaren sine forklaringar, og den profesjonelle må ha evne til medkjensle, anerkjenne brukarane sine erfaringar og forklaringar, og ha tru på dei på vegen til forandring. Sjølv om brukarane har eit språk og handlingar ein ikkje støttar, er det viktig å unngå nedsettande og kritiske kommentarar medan dei er i ein vanskeleg situasjon. I tillegg er det nyttig både å be om tilbakemelding på forholdet og kva i arbeidet som har vore til størst hjelp (Jensen & Ulleberg, 2019, s. 204-205).

3.2.3 Formål og innhald

Som ei anna ramme for samtalen, er ein avhengig av å ha ei felles forståing rundt kva samtalen skal handle om og kva som er hensikta med samtalen. Kanskje har ein fleire formål med ein samtale. Samtalane kan vere enkeltvis eller i grupper. Alt etter situasjon, kan profesjonelle samtalar til dømes brukast som førebuing til ei hending, kartlegging, behandling, læring eller utvikling. Gjennom samtalar kan brukaren søke å løyse problem, få trøyst og lindring. Profesjonsutøvaren har ansvar for å finne ut kva forventningar og ønsker brukaren har til samtalen, og kva tema personen gjerne vil ta opp. Dette kan vere lurt å gjere innleiingsvis for å avklare type samtale og legge ein plan for gjennomføring (Jensen & Ulleberg, 2019, s. 319).

3.3 Sjelesorg

3.3.1 Kva er sjelesorg?

I kyrkjeleg samanheng, snakkar vi ofte om sjelesorg som ramme for type samtale (Okkenhaug, 2002, s. 14). Sjelesorg er ein disiplin som på mange måtar inneheld både religion og psykologi. Teori og praksis er teologisk fundert, men den hentar også mykje kunnskap og forståing av mennesket og samfunnet frå andre støttedisiplinar, som frå psykologien kan vere til dømes religionspsykologi, krisepsykologi, eksistensiell psykologi og barne- og utviklingspsykologi. Dette styrkar sjelesorga i møte med enkeltmenneske og fellesskap, og bidreg til å sjå kompleksiteten i både menneskelivet og gudsrelasjonen (Farstad, 2016, s. 240). Sjelesorg er i stor grad å vere til stades og gå saman med den andre. Saman kan ein undre seg, og det er konfidenten som er ekspert på eige liv (Farstad, 2016, s. 246).

Sjelesørgjaren blir ovanfor den andre ein representant for Gud. Då er det viktig at sjelesørgjaren sjølv har bearbeidd eigne livserfaringar og blitt bevisst sitt eige gudsbilde, for alt dette ubevisste har stor makt i eit sjelesorgrom (Farstad, 2016, s. 244). Det er ikkje berre konfidenten som kjem til sjelesorgrommet med sitt liv, det gjer også sjelesørgjaren. Sjelesørgjaren er prega av eigne erfaringar og opplevingar, og dersom ein ikkje er seg bevisst dette kan konfidenten bli offer for sjelesørgjaren sine ubevisste reaksjonar. Alle førestillingar, kunnskap, emosjonar, erfaringar og haldningar som både sjelesørgjar og konfident tek med seg i møtet mellom dei to i rommet, kan kallast for mellomrommet, og gjer at samspelet rommar meir enn berre relasjonen (Okkenhaug, 2002, s. 39-40). Det er ikkje nødvendigvis orda som blir sagt som er det som sit igjen hos konfidenten etterpå (Farstad, 2016, s. 244-245).

I sjelesorga sitt rom er det ikkje berre sjelesørgjar og konfident som er representert, men også Gud sjølv, og vi kan derfor seie at det er eit trefoldig rom (Farstad, 2016, s. 237). Det er viktig at sjelesørgjaren er bevisst på kva han veit, og ikkje minst kva han ikkje kan vite, om både Gud, seg sjølv og den andre. Slik er han på eit eksistensiell plan med på å bevare mysteriet vi alle er, noko som gir rom for respekt ovanfor den andre og audmjukheit og openheit i samtalanene (Farstad, 2016, s. 244-245).

Eit trinitariansk grunnlag for sjelesorg er forankra i trua på den treeinige Gud. Den første trusartikkel viser at Gud bryr seg om heile verkelegheita vi menneske lever i, og det er derfor ikkje noko tema som ikkje høyrer til i det sjelesørgeriske rom. Den andre trusartikkelen handlar om omvendning, frelse og forsoning, og i lys av denne vil sjelesorga vere opptatt av at menneske kan kome til Jesus med sine liv. I lys av den tredje trusartikkelen kan ein kvile i at Gud er til stades ved sin Ande (Okkenhaug, 2002, s. 38).

3.3.2 Hjelp gjennom kriser

Sjelesorg går ofte føre seg i eit handlingsrom prega av at konfidenten er i ei form for krise. «Krise er en reaksjon på tap eller trusselen om et tap av noe som har vesentlig verdi for vedkommende» (Falk, 2016, s. 16). Kriser kan vere både positive og negative, dei er noko vi må vekse på, og noko vi må kome oss gjennom. I samtalar med folk i krise, er det aller første ein må gjere å skape kontakt, noko som skjer gjennom merksemd og autentisk nærvær (Falk, 2016, s.15-17).

Sjølv om hjelparen sit på ein del ressursar, er det viktig å hugse på at det er personen i krise som sit på dei avgjerande ressursane til å kome seg vidare. Når det gjeld hjelp er så lite som mogleg ofte avgjerande. Det er personen sjølv som må ta ansvar for situasjonen ein er i. Som hjelparar kan vi hjelpe litt til ved å stille spørsmål og vise empati. Kanskje har vi også noko livserfaring som kan kome til nytte. Spørsmål som er relevante er å spørje den andre om kva den føler, t.d. sorg, sinne, glede eller frykt. Vi kan så følgje opp med å spørje kva personen ønsker, håper eller vil. Kva gjer personen med dette? Så kan vi fortelje kva vi sjølv føler, vil og gjer for å hjelpe til i denne situasjonen. Midt i det heile er rommet aktivt mellom den hjelpande og den som søker hjelp, og interaksjonen og møtet mellom dei to partane fører til nye innsikter og idear for begge (Falk, 2016, s. 21-25).

Skal det vere rom for å vekse og endre seg, er det avgjerande at den som søker hjelp opplever å bli akseptert for den ein er. Akseptert vil her seie å ta til etterretning, ikkje nødvendigvis å like eller godta alle karaktertrekk eller all åtferd. Berre gjennom ei kontakt med verkelegheita, og ei erkjenning av slik den er, kan ein ha håp om at forandring kan skje. Dette gjeld også for

den som søker hjelp. Først når personen har akseptert verkelegheita og tatt sin natur på alvor, kan det bli rom for at ekte vekst og endring kan skje (Falk, 2016, s. 33-34)

3.3.3 Empati

Det finnst mange definisjonar av empati. Kirkens SOS har forklart det slik: «Vi viser empati når vi forsøker å finne ut hvordan ting ser ut og føles for en annen person. Vi prøver å se ting slik den andre personen ser dem, noe som gir oss et bilde av hvordan de føler. Vi viser empati når vi forsøker å sette oss inn i den andres følelseslandskap» (Vilnes, 2020, s. 46).

Ei empatisk tilnærming er noko av det som er grunnleggande i måten ein møter dei innsette på (Harboe, 2016, s 286-287). Harboe har delt empatien i tre, for å forsøke å klargjere dei ulike sidene ved den: ei kognitiv side, ei affektiv side, og empatisk presisjon. Den kognitive sida inneber kunnskapen ein sit på om menneskesinnet og erfaringar ein har gjort seg. Til dømes kan kunnskap om korleis ein overgripar reagerer når han ikkje lenger har makt over offeret sitt, gi forståing for sorgreaksjonen ein sedeligheitsdømt fange går gjennom – utan at dette støtter den kriminelle handlinga. Den affektive sida gir rom for innleving og å gjere bruk av sine egne følelsar. Ved å bruke dette kan ein enklare gjenkjenne og ha forståing for følelsane den andre går gjennom. Dette kan vere eit kaotisk område, der til dømes ein sedeligheitsdømt kan vere svært lei seg og opprørt over å ha påført andre den same smerta personen sjølv opplevde som barn utsett for overgrep. I møte med den enkelte må ein som sjelesørgjar gjere bruk av både kunnskap, erfaring og egne følelsar, samtidig som ein er fullt og heilt til stades for den det gjeld. Den empatiske presisjonen går på å prøve å forstå personen rett og spegle dette (Harboe, 2016, s. 290-291).

3.3.4 Godheit

«Godhet er det motsatte av ondskap, og godheten søker å ivareta andres menneskeverd gjennom både holdninger og handlinger» (Farstad, 2016, s. 221). Nyhus (2016) dreg fram nokre punkt han meiner er til hjelp i møte med dei domfelte. Eitt av desse er godheit. Om ein ikkje har trua på at godheit finnst i alle, vil ein ikkje kunne tore å møte mørket verken i seg

sjølv eller andre. Dei domfelte er ikkje betre enn andre, og vegleiaren bør ikkje ha eit idealistisk bilde av dei. Men det er avgjerande at vegleiaren både trur på og praktiserer godheit, og viser seg å vere ein truverdig person til å stole på, og at vegleiaren derfor kan tole dei innsette sitt inste synd og mørke. I godheita ligg det også ei forståing for menneske si svakheit og synd, og utan å idealisere elendet i verda, kan godheita likevel gi rom for det ufullkomne i mennesket og til å uthalde skitten i verda.

Vegleiaren må ha trua på at den innsette sjølv har det som trengst for å kome seg vidare, men kan hjelpe til å saman finne det. Dette er med å anerkjenne den innsette. Nettopp mangel på å bli anerkjent, meiner Nyhus er eit av dei vanlegaste hindra for personleg vekst. Det viktigaste, og det som verkeleg hjelper, er likevel kjærleik, ifølge Nyhus. Ikkje den egoistiske kjærleiken som er ute etter å fremme oss sjølv og eiga karriere, men ei godheit der ein oppriktig bryr seg om klienten. Arbeidet vi gjer blant dei innsette bør vere drive av at vi er glade i dei, og fordi vi veit at alle, uansett moralske og menneskelege kvalitetar, treng medkjensle og støtte (Nyhus, 2016, s. 280-281).

3.3.5 Verdighet

Alle yrkesgrupper i fengselet er forplikta på eit humanistisk menneskesyn med respekt for den enkelte sin integritet og ansvar for eigne val (St.meld. nr 37 (2007-2008), s. 20). Likevel er det lett for dei tilsette i eit fengsel å utvikle misantropi, både ovanfor dei kriminelle handlingane som har blitt gjort og oppførselen som skjer i fengselet. I arbeidet som sjelesørgjar er det viktig å vere klar over at ein i møte med innsette kan bli prega av både overføringar og motoverføringar. Det vi høyrer om andre, kan ofte finne klangbotn i våre eigne kjensler og tankar. Når ein høyrer om handlingane den enkelte sit inne for, kan ein sjølv få tankar om både gjengjelding og aversjon. Profesjonaliteten blir utfordra, og mange overføringar kan skje til og med før ein har møtt den innsette (Harboe, 2016).

I eit fengsel har dei innsette sin eigen fangejustis, der verdigheita innsette i mellom blir vurdert og rangert alt etter kva ein sit inne for. Nedst på rangstigen er sedelighetsforbrytarane. Ein kvar innsett ønsker likevel sjølv ei behandling som er verdig og rettferdig (Harboe, 2016).

Som sjelesørgjarar har vi tanken om at vi alle er skapt i Guds bilde (1. Mos 1,26), som likeverdige og ukrenkelege, og menneskeverdet ligg der heilt uavhengig av kva den enkelte har gjort. Dette kan vere ein utfordrande tanke å halde fast ved i eit fengsel, både i møte med trykket utanfrå, som til dømes kva media og folk flest meiner, og i møte med innsette som har gjort forferdelege handlingar. Men menneskeverdet må vise seg både gjennom måten vi omtalar og behandlar menneska vi møter, også innsette (Harboe, 2016). Gjennom å vere til stades, opprette kontakt og relasjon, viser vi at personen vi pratar med blir verdsett og sett. Dette kan skape håp hos den innsette, også i dei tilfella der orda blir få på grunn av mangel på felles språk og kultur (Wernø, 2016, s. 308).

Verdien har blitt gitt kvart menneske av ein nådig Gud. På bakgrunn av Guds nåde kan sjelesørgjarar møte den enkelte innsette med respekt for den sitt liv, sjølv om den innsette ikkje har klart å møte alle slik sjølv. Om den innsette har krenka nokon andre sitt liv, skal ikkje vi gjere det same tilbake. Korleis skal den innsette ha sjanse til å kome tilbake til samfunnet og bli ein del av fellesskapet der om ikkje ein opplever å bli møtt med verdighet også i fengselet? Den enkelte innsette skal ein dag bli nokon sin nabo igjen. Jesus møtte menneske med respekt, og gav heller ikkje opp dei som ikkje trudde. Som døme kan ein nemne likninga om sonen som kom heim (Luk 11,15-32), som viser at Gud ikkje gir opp den enkelte. Historia om Jesus sitt møte med den samaritanske kvinna (Joh 4,7-26), er også eit godt døme på korleis Jesus viste respekt for den enkelte og forsøkte å føre ho tilbake inn i fellesskapet med både Gud og andre menneske (Harboe, 2016).

3.3.6 Synd og tilgjeving

Medan den allmenne psykologien har fokus på arv og miljø som har ført oss dit vi er, tilbyr kristendommen både ansvarleggjering og tilgjeving. Synd er noko som finnast hos alle og er eit kollektivt problem, samtidig som den enkelte sjølv må stå ansvarleg for den vondskap ein sjølv har gjort (Nyhus, 2016, s. 282). «Som ofre har vi lov til å forvente medfølelse. Som gjerningsmenn står vi som skyldige. Som betraktere må vi våkne opp og innse at vi befinner oss i nettet saman med de andre» (Nyhus, 2016, s. 282).

Dei fleste av oss ønsker ikkje å fortelje om sårbare og skamfulle sider av livet til personar vi ikkje er trygge på. Historia om korleis Jesus møtte den samaritanske kvinna, er også eit eksempel på korleis det å bli møtt med respekt, vist tillit og merksemd, gjorde at denne kvinna våga å fortelje om dei skjulte sannheitene i livet sitt. Når vi blir møtt med respekt og kjærleik, kan vi tore å opne opp om oss sjølv. Då kan vi også oppleve det Jesus seier – at sannheita sett oss fri (Okkenhaug, 2002, s. 99).

For i den kristne sjelesorga har vi eit frigjerande budskap i tilgjevinga, i tillegg til ansvarleggjeringa for eiga synd. Medan psykoterapien gjerne oppfordrar til å tilgi seg sjølv, kan vi vise til at ein kan få tilgjeving utanfrå. Ein treng ikkje å måtte klare kunsten å skulle vere både tiltalt, forsvarar, aktor og dommar i eiga sak, men ein kan få bli frikjent og tilgitt frå Den aller høgste (Nyhus, 2016, s. 283).

3.4 Skam

3.4.1 Destruktiv skam

Farstad (2016) skriv om ulike typar skam. Ein av desse er destruktiv skam, som kan vere naturleg å tenke på med den bakgrunnen statistikken seier mange innsette har. Dette er ein type skam som ofte rammar dei som har vokse opp i heimar med fysisk, emosjonelt eller seksuelt misbruk, og gjerne der dei også lever i ambivalensen med ein vanskeleg kvardag på heimebane, men samtidig skal late som ingenting så ingen andre forstår det. Eit barn er avhengig av sine foreldre, og ønsker å sjå dei som gode. På eitt eller anna vis ønsker barnet å tru at foreldra er glad i dei og kan gi dei trygghet og kjærleik. Dette kan gjere at dei gjer seg sjølv til den vonde parten, for å forsvare mor eller far. For å overleve i ein kvardag der dei må undertrykke vanskelege kjensler som sinne og liding, må dei gjere seg sjølv harde. Dette fører til at dei ikkje lenger får tilgang til sitt eige hjarte, der dei kan sjå på seg sjølv som hjelpelause og med behov. Barnet brukar i staden kreftene på å ikkje vise seg som sårbar og avhengig. Denne skamma gjer seg gjeldande i forhold til signifikante personar som står nær oss. Dersom det skjer alvorlege tillitsbrot og gjentakande og alvorlege skadar i relasjonen som ikkje blir reparert på ein trygg og god måte, kan det bli ein internalisert skam som kan følgje oss resten av livet (Farstad, 2016, s. 64ff).

Ifølgje Farstad, meiner Kaufman eit barn alltid vil identifisere seg med sine foreldre – på godt og vondt. Dersom vi i oppveksten blir møtt med kjærleik og respekt, lærer vi også å møte oss sjølv slik. Dersom vi i staden blir slått og audmjuka, får vi ei negativ identifisering. Den affektive kvaliteten i omsorga vi får vil også gi oss positiv eller negativ identifisering som vi internaliserer, saman med orda vi høyrer bli sagt om og til oss. Ei negativ identifisering kan gi barnet kjensla av å aldri vere god nok i seg sjølv, og skamma blir slik ein del av identiteten. Ein slik bakgrunn kan gi ein skeivlasta relasjonskompetanse, der vedkomande berre har omsorg for seg sjølv og ikkje andre eller omvendt. Utan ein positivt korrigerande, relasjonell erfaring, kan ei slik erfaring føre til gjentakande relasjonsbrot, som igjen kan føre til større skamkjensle av å ikkje få det til. Utad er ein gjerne modig, men innvendig er ein gjerne på vakt i ein kvar nær relasjon (Farstad, 2016, s. 67ff).

3.4.2 Skam rundt verdigheit og ære

Samfunnet vårt kan gjerne kallast eit oppnåingssamfunn, der ære og å vere vellykka blir målt ut ifrå renommé, sosial kapital og symbolsk kapital. Her inngår omdømme på viktige områder, nettverk, og posisjon i kulturelle og sosiale hierarki. Ære tek tid å bygge opp. Men gjennom feilskjer, som til dømes avsløringa av å ha gjort noko ulovleg, blir æra raskt riven ned. Då står ein ofte igjen med skamma i staden. Kombinert med media sitt massive press mot enkeltpersonar i slike saker, kan dette fort gå på bekostning av menneskeverdet (Farstad, 2016, s. 52-53).

Forsking viser at fattigdom ofte fører med seg skamfølelse. Når håp og draumar for framtida ikkje går i oppfyljing grunna fattigdom, sit ein att med skam knytt til uønska negative faktorar både sosialt og økonomisk. Fattigdom blir ofte også møtt med eit stigma og fordommar frå andre. At andre meiner fattigdomen er sjølvforskyldt, kan vere med å undergrave både god sjølvfølelse og sjølvtilit. Dermed aukar dei fattige sin følelse av håplausheit og skuld, i tillegg til at dei ofte manglar både interne og eksterne ressursar. I vårt samfunn blir fattigdom ofte forbunde med rusavhengigheit, psykiske problem og å vere avhengig av sosialstøtte. All skam forbunde med moglege sider av å vere fattig, gjer det vanskelegare å bryte ut av fattigdomen. Samtidig gjer det at ein skammar seg over fleire stigmatiserte situasjonar, til dømes både

fattigdom, psykiske problem og rusavhengigheit, at skamma mangedoblast. Eksistensielle behov manglar, som materiell trygghet og ein kvardag som gir meining, og skamma kan få ein til å føle at ein sjølv er mangelfull og kjem til kort som menneske (Farstad, 2016, s. 54-56).

Alle menneske har behov for å kjenne på at dei er til hjelp og nytte for samfunnet, enten det er gjennom lønna eller ulønna arbeid. Arbeid er forbunde med både identitet og livsmeining, og å vere arbeidsledig kan få store negative konsekvensar for sjølvfølelsen, psykisk og fysisk helse. Stereotypiar om at arbeidsledige helst ønsker å snylte ved å leve på trygd utan å gi noko tilbake til samfunnet, er i tillegg både diskriminerande og stigmatiserande, og aukar skamfølelsen av å vere i ein slik situasjon (Farstad, 2016, s. 57).

Einsemd kan også skape skam. Einsemd er ikkje det same som å vere åleine, og ein kan også kjenne på det sjølv i eit fellesskap. Det er kvaliteten på relasjonar som avgjer om ein kjenner på einsemd eller ikkje. Einsemd kan bli forbunde med å mislykkast sosialt eller i kjærleikslivet. Sosial kapital er viktig både i sosiale media, arbeidslivet og i samfunnet generelt, og mangel på sosial kapital kan føre til ein skamfølelse som gjer situasjonen endå vanskelegare å bere (Farstad, 2016, s. 57-58).

3.4.3 Skamlausheit

Ein annan konsekvens av alvorlege brot i relasjonar til omsorgspersonar i barndomen, kan bli skamlausheit. Dersom ein skal kunne utvikle sjølvempati og empati og forståing for andre, er det grunnleggande at ein sjølv har blitt sett, forstått og opplevd empati i barndomen. I somme tilfelle blir dette kombinert med å vere forsømt, misbrukt eller ein blir behandla nedsettande. Då kan skamma gå over til eit sinne og hat som ein enten rettar innover mot seg sjølv eller utover mot andre, og dette kan føre til det vi gjerne kallar skamlaus åtferd. Om omsorgspersonane gir ein alvorleg grad av manglande empati, kan barna sjølve utvikle manglande samvit og harde hjarte (Farstad, 2016, s. 39ff).

4 Metode

4.1 Val av metode

4.1.1 Kvalitativ metode

Til forskinga i mi oppgåve har eg valt å bruke kvalitativ metode og ein-til-ein-intervju. Som forskingsdesign ligg dette i det fenomenologiske landskapet (Johannessen et al., 2016, s. 172). Fenomenet som skal sjåast nærare på, er trygge situasjonar for opne og ærlege samtalar i fengselet. Personane eg skal intervjuje får basert på intervju spørsmåla fortelje si subjektive meining rundt ein gitt situasjon, og korleis dei oppfattar dette. Kva dei fortel kan vere ulikt, sidan ein situasjon kan opplevast individuelt basert på både bakgrunn, interesser og forståing (Johannessen et al., 2016, s. 78).

Gjennom intervjuja ønskte eg å få meir detaljert informasjon rundt informantane sine meiningar, erfaringar, følelsar, forståing og refleksjonar om eit tema. Kva er det dei innsette sjølve tenker rundt temaet? Har dei nokre refleksjonar dei vil dele med meg som forskar, og som eg kan lære av? Dersom temaet som blir diskutert kan oppfattast personleg, eller det kan vere negativt å skilje seg ut i ei gruppe, kan det vere nyttig å gjere intervjuja ein til ein i staden for i gruppe (Johannessen et al., 2016, s.145-146). På bakgrunn av dette var det aldri aktuelt å gjere intervjuja i gruppe i staden for ein til ein. Dette valet var basert på informasjonen eg ønskte, samt at målgruppa for intervjuja var innsette og tidlegare innsette i fengsel. Av personvernomsyn var det greiast å ikkje samle informantane. Det var også praktisk å ta intervjuja ein til ein, då ikkje alle var same stad, og intervjuja i tillegg føregjekk under ein pandemi med smittevernomsyn.

4.1.2 Utval av informantar

Med kvalitativ metode var ikkje målet å ha flest mogleg informantar, men at informantane skulle vere relevante og interessante i forhold til problemstillinga (Johannessen et al., 2016, s. 113). Eg måtte då gjere ei strategisk utveljing. Som informantgruppe ønskte eg først og fremst

å intervju personar med erfaring frå samtalar med fengselsprest/-diakon. Sidan eg kjende ein fengselsprest frå før, kunne eg bruke han som kontakt både til å tenke ut kva gruppe ein kunne få erfaringar frå, og å rekruttere informantar. Vi kom fram til at ein i første omgang kunne prøve med 6 innsette i eit gitt fengsel, og 2-4 tidlegare innsette, så ein hadde eit samanlikningsgrunnlag. Sidan eg ikkje visste om eg kom til å få godkjenning til å intervju noverande innsette, hadde eg også fengselsprestar som ei tredje mogleg gruppe å intervju. Alle desse blei meldt inn til NSD, med mål om å intervju to av gruppene for eit vidare perspektiv og samanlikningsgrunnlag.

4.1.3 Utforming av intervjuguide

Sidan eg som informantgruppe mellom anna ønska å intervju nokre innsette i fengsel, valde eg å gå for eit strukturert intervju. For å få løyve til å intervju innsette, måtte eg i tillegg til løyve frå NSD også ha tillating frå Kriminalomsorga. Eg såg det derfor som viktig at dersom eg skulle intervju innsette måtte spørsmåla vere føreseielege så dei først kunne bli godkjende av Kriminalomsorga, og at det derfor ikkje var rom for mange individuelle tilpassingar undervegs. Ein fordel med ei slik standardisering er at det er enkelt å systematisere og samanlikne svara. Ulempa er sjølvsagt at det gir mindre fleksibilitet (Johannessen et al., 2016, s. 148).

Det vanlege er å starte eit intervju med enkle faktaspørsmål, til dømes om familie, interesser eller utdanning (Johannessen et al., 2016, s. 150). Med tanke på informantgruppa ønska eg ikkje å stille faktaspørsmål om personlege forhold i starten. Intervjuguiden går derfor rett på introduksjonsspørsmål og vidare inn på temaet. Eg ville ha minst mogleg personleg informasjon, då eg med tanke på gruppa og anonymisering ikkje ville ha fleire spørsmål enn nødvendig som kunne vere med å identifisere nokon innan det gitte miljøet. På bakgrunn av informantgruppa, var eg også bevisst på å ikkje ha nært personlege spørsmål. Sidan det ikkje var nødvendig for undersøkinga, er det ikkje med særleg kompliserte og sensitive spørsmål. Eg var ute etter å få vite meir om kva som kan gjere det tryggare og enklare å opne seg for nokon i eit fengsel, spesielt for fengselsprest/-diakon, og ikkje at dei skulle opne seg for meg. Desse tilhøva var slik med og farga mi utforming av intervjuguide.

4.2 Gjennomføring

4.2.1 Rekruttering av informantar

Som rekruttering av informantar, vart det i dette tilfellet brukt snøballmetoden (Johannessen et al., 2016, s. 119). Eg hadde kontaktar blant tilsette både i fengselet og i ulike aktuelle organisasjonar. Desse vart aktivt brukt for å skaffe informantar, både blant noverande og tidlegare innsette.

For å rekruttere informantar blant noverande innsette til intervju, trengte eg hjelp frå nokon som jobbar i fengsel for å velje ut nokon og la meg kome i kontakt med desse. Ein fengselsprest eg kjende frå før sa seg villig til å hjelp med dette. Han gjorde eit utval av ulike personar han kjende til i fengselet, og som han tenkte kunne vere gode personar å intervjuje om temaet. Sjølv visste eg ikkje kven eg kom til å intervjuje, anna enn at det var seks innsette frå eit gitt fengsel, og at alle kjende fengselspresten og hadde prata med han.

Dei tre informantane blant tidlegare innsette, vart rekrutterte gjennom kontaktar i ulike organisasjonar i Agder som jobbar blant tidlegare innsette. Også i desse tilfella visste eg i utgangspunktet lite om kven dei kom til å foreslå eg kunne intervjuje, anna enn at desse på eitt eller anna tidspunkt hadde vore innsett, og at dei oppfylte kravet om å ha hatt minst éin samtale med fengselsprest i løpet av tida inne.

4.2.2 Innsamling av materiale

Før intervjuja kunne kome i gong, måtte samtykkeerklæringa underskrivast. For tidlegare innsette vart den sendt på kryptert e-post enten direkte eller via ein tilsett i organisasjonen dei no var involvert i, og sendt tilbake enten via same e-post eller melding på telefon. For noverande innsette var det fengselet som tok seg av dette, og skjemaet blir oppbevart der. Eg har derfor ikkje på noko tidspunkt sett namna på dei innsette eg intervjuja, og dei fleste av dei sa heller ikkje namna direkte til meg. Å vite namna var uansett irrelevant for oppgåva, og ved

å gjere det på denne måten vart personvernet ivaretatt på same tid som eg slapp å sitte på fleire sensitive personopplysningar enn nødvendig.

Intervjua vart gjennomførte via telefon, og ved bruk av ein ekstern lydopptakar utan nettilgang. Telefon vart i stor grad valt grunna smittevern i forhold til den pågåande pandemien. Det var også enklast i forhold til at informantane blant tidlegare innsette var på ulike stader, og det gjorde det enklare å få intervju dei innsette i fengselet. For å nå desse, vart eg sjølv oppringt av fengselet, som så sette meg vidare til den enkelte si celle. Telefonsamtalane føregjekk på ei linje som kunne avlyttast, noko som vart opplyst om i starten på kvar samtale, og som også skjedde i eitt tilfelle.

Etter intervju var gjennomførte, vart kvart intervju transkribert. Dersom nokon hadde gitt sensitive opplysningar, eller til dømes nemnt namn på personar eller stader, vart desse i transkriberinga anonymisert.

4.2.3 Analyseprosessen

Etter transkriberinga var gjennomført, var det tid for å systematisere det som kom fram i intervju. Målet var å organisere data etter tema, og å finne mønster og gjentakande tema som kunne gi grunnlag for analyse og tolking (Johannessen et al., s. 163). Sidan eg hadde eit strukturert intervju, var det lett å samanlikne svara på ulike spørsmål. Det viste seg likevel at svara gjekk litt på kryss og tvers av spørsmåla. Etter å ha gjort meg kjent med det innsamla materialet, valde eg å systematisere svara under ulike kategoriar, noko som både gir eit innblikk i ulike tema som blei tatt opp av fleire, og som også til dels samsvarer med teorien som ligg til grunn i oppgåva.

4.3 Ethiske omsyn

Noko av det som gjer oss til menneske, er nettopp at alle er sårbare. Som diakonar arbeidar vi ofte, og kanskje oftast, med personar i sårbare situasjonar. Innsette og tidlegare innsette er ikkje noko unntak. Når forskinga har direkte med menneske å gjere, oppstår det også etiske

problemstillingar. Dette er spesielt utsett under datainnsamlinga, og gjer at ein må ta visse omsyn (Johannessen et al., 2016, s. 84).

Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora (NESH) har vedtatt forskningsetiske retningslinjer som må følgjast under forskning (NESH, 2016). At desse blir følgde, blir mellom anna sikra gjennom å søke NSD om løyve til å gjennomføre prosjektet med forskning som inneber behandling av personopplysingar. Prosjektet vart NSD-godkjend februar 2021 (sjå vedlegg 4).

Sidan eine informantgruppa var innsette, måtte også Kriminalomsorga søkast om løyve til å gjere intervju med desse. Dei innsette bør ikkje utsettast for større belastning enn nødvendig medan dei sitt i fengsel, og Kriminalomsorga skal gjennom søknadsprosessen sikre prosjektet sin kvalitet og relevans. Dette innebar mellom anna å sende inn førsteutkast til teorikapittel og delar av metodekapittel, ein etisk refleksjon, intervjuguide og NSD-godkjenning. Prosjektet vart godkjent og fekk klarsignal frå Kriminalomsorga i april 2021 (sjå vedlegg 5).

Punkt 6,7 og 8 i NESH sine forskningsetiske retningslinjer går mellom anna ut på at forskaren skal respektere personvernet, har informasjonsplikt, og at det krevjast samtykke frå informantane om ein skal bruke informasjonen ein samlar inn i forskinga (NESH, 2016, s. 12-14). Dette sikrast delvis gjennom eit informasjonsskriv med samtykkeerklæring (sjå vedlegg 1). Etter ein telefon til fengselet, vart det avtalt at dersom eg skulle intervju innsette i fengsel, skulle tilsette i fengselet ha ansvar for underskrift av samtykkeerklæring, så eg ikkje på noko tidspunkt trengte å vite namna på dei eg skulle intervju der. Dei andre gruppene kunne eg samle inn samtykkeerklæring frå sjølv, men oppbevare dei forsvarleg. Alle intervju skulle anonymiserast. I informasjonsskrivet var det også opplyst om at alle utan grunngiving kunne trekke seg frå prosjektet når som helst. Grunna smittevern, som også var eit viktig element våren 2021, skulle alle intervju kunne gjerast enten via telefon eller e-post. Via telefon skulle eg bruke lydopptakar utan tilgang til internett, før intervjuet vart anonymiserte og transkriberte.

I intervjuguiden var eg bevisst på å ikkje samle inn meir informasjon enn eg trengte. Dette både fordi eg ikkje ønska personlege opplysningar som kunne gjere det vanskelegare å anonymisere personar i ei gitt gruppe, men også fordi eg ikkje ønska å samle inn privat og

sensitiv informasjon frå ei sårbar periode i livet. Dei som intervjuast skal utsettast for minst mogleg belastning. Dette går på NESH sine retningslinjer der punkt 15 handlar om å respektere informanten sitt privatliv, og punkt 12 om forskaren sitt ansvar om å unngå skade (Johannessen et al., 2016, s. 85-86 og NESH, 2016, s. 19 og 21). Eg ønskte informantane sine tankar og meiningar rundt emnet problemstillinga mi krinsa rundt, utan at dette skulle innebære at dei måtte utlevere seg sjølve i større grad. Som innsette og tidlegare innsette skulle informantane intervjuast med utgangspunkt i ein sårbar livssituasjon, men dei er også ressursar som sit på kunnskap og erfaringar som kan delast for å kome andre til gode.

NESH (2016) sitt punkt 5 omhandlar menneskeverd, og legg vekt på at ein i forkinga skal ha ein grunnleggande respekt for menneskeverdet i arbeidet. Dette er eit punkt som kanskje kan vere ekstra utfordrande når ein samtalar med personar med til dels alvorlege straffedomar. Sjølv om eg ønsker å møte alle med ein slik grunnleggande respekt for menneskeverdet, straffedømt eller ei, veit eg at andre sine haldningar, verdiar og alvorlege handlingar somme tider ubevisst kan gjere at ein ønsker ein viss avstand eller at det vekker vonde kjensler. Kanskje kan det i denne situasjonen hjelpe å ikkje vite noko om kva dei innsette er sikta for eller dømde for, så ikkje dette blir eit uromoment i den relativt korte tida vi har med kvarandre å gjere under eit intervju.

4.4 Validitet og reliabilitet

Kor pålitelege funna er, altså reliabiliteten av dei, kan i denne undersøkinga sjølv sagt vere påverka av både kriteria for å delta og kven som rekrutterte informantar. Eitt, og stort sett einaste, kriterium var at relevante informantar måtte ha hatt minst éin samtale med fengselsprest medan dei sat inne. Dette var for å sikre at informantane hadde god kjennskap til temaet, og kunne gi tilbakemelding ut ifrå korleis slike samtalar faktisk er og ikkje berre synsing rundt korleis ein tenker slike samtalar kanskje kunne vore. Alle informantane hadde hatt fleire samtalar, og dei fleste mange. Dette kan sjølv sagt vere ein indikator på at dei i utgangspunktet såg på fengselspresten som ein trygg person å ha opne og ærlege samtalar med. I tillegg vart alle innsette rekrutterte av ein fengselsprest. Sjølv om vedkomande forsøkte å gjere eit breitt utval, er det likevel ein sjanse for at både utvalet og kjennskapen deira til vedkomande fengselsprest kan prege svara dei gir.

På same tid får vi ikkje vite grunnen til at mange vel å ikkje ha samtalar med fengselsprest. Altså kan det vere relevante syn på kva som blir sett på som ein trygg situasjon for ein open og ærleg samtale som ikkje kjem fram i denne undersøkinga, og der fengselspresten kanskje hadde kome meir negativt ut enn i denne undersøkinga. Validiteten av funna, altså kor gyldige eller relevante dei er, kan altså vere farga av dette. På same tid kan ein seie at informantane hadde førstehands erfaring med situasjonen, og det er derfor grunn til å tru at deira opplevingar og meiningar er noko som er både reelt og relevant for det vi ønsker å finne ut meir om.

Ein annan mogleg feilkjelde er sjølv sagt kommunikasjonsprosessen. Data samla inn gjennom undersøkinga må vere samla inn på ein måte som gjer dei pålitelege (Dalland, 2020, s. 63). Forstod vi kvarandre i intervjuet? Hadde spørsmåla ord som ikkje informantane oppfatta korrekt? I eit forsøk på å unngå misforståingar, prøvde eg å skrive spørsmåla enkle og med ord som ikkje var prega av fagspråk. Det viste seg likevel allereie i andre intervjuet at omgrepet «gå saman med deg» kunne vere vanskeleg å forstå betydninga av, og dette vart for seinare intervju endra til «vere der for deg». I eitt av intervjuet var også språket ei utfordring, noko som gjorde at spørsmåla måtte forenklast i eit forsøk på å forstå kvarandre.

5 Kva la informantane vekt på?

I denne delen vil eg ta for meg svara eg fekk gjennom intervjuet. I løpet av våren og sommaren 2021 intervjuet eg ni informantar. Alle var menn. Av desse var tre tidlegare innsette, og dei kjem eg vidare til å kalle TI1, TI2 og TI3. Desse vart plukka ut av kontaktar eg har i Agder. Dei seks andre var innsette i eitt av dei nye høgsikkerheitsfengsla i Agder, og desse blir vidare kalla I1, I2, I3, I4, I5 og I6.

Ei føresetnad for å delta i undersøkinga, var at kvar informant hadde hatt minst éin samtale med fengselsprest/fengselsdiakon i løpet av tida ein sat inne. Ingen av dei hadde vore i fengsel med diakon, og det vil derfor her berre vere snakk om fengselsprest. Åtte av ni informantar hadde hatt samtalar minst ein gong i veka. Den siste informanten hadde ofte møtt på presten då presten av og til var innom i løpet av skuledagen. Nokre av informantane hadde oftast prata

med fengselsprest i grupper saman med andre innsette, medan andre hadde hatt ein til ein-samtalar opptil fleire gonger i veka.

Svara eg fekk vil eg prøve å kategorisere under tema, i staden for å ta kvart enkelt spørsmål. Eg vil presentere dei under overskriftene «Trygge rom», «Trygge personar», «Trygge roller», «Trygge tidspunkt» og «Trygge samtalar», då dette var fem område som utpeika seg i gjennomgangen av intervjusvara.

5.1 Trygge rom

5.1.1 Stad og rom

På spørsmål om korleis dei såg for seg ein trygg situasjon for ein open og ærleg samtale i fengselet, kommenterte fleire av informantane nettopp rommet samtalen ville vore i. Felles for alle var at dei såg for seg eit rom og ein situasjon der dei kunne ha samtale ein til ein, og fellesarealet var derfor ikkje eigna. Fleire nemnde kontoret, andre nemnde kyrkjerom, og nokon meinte eiga celle var ein eigna plass. Uteplassen som ein god plass for samtale, vart også nemnt av fleire: «Det er det å kunne vere ute og gå og prate. Det er stort sett den einaste plassen ein kan prate trygt viss det er noko sensitivt ein skal prate om» (I4).

Som eit nytt fengsel, er det aktuelle fengselet dei noverande innsette var i tilrettelagt med eit livssynsrom. Til forskjell frå eit kyrkjerom i ein institusjon vert eit livssynsrom ikkje innvia av ein biskop, men av institusjonsprest. Det er også eit nøytralt rom, utan religiøse symbol. Dette er rommet ein ofte vert tatt med til om ein ønsker samtalar med fengselsprest, gruppesamtalane går føre seg i dette rommet, og nokon kommenterte også dei brukte å tenne lys her. Ein av informantane problematiserte at det kunne vere vanskeleg å få til ein djup samtale åleine i livssynsrommet, då der ofte var fleire til stades. Fleire av informantane kommenterte vel og merke livssynsrommet som eit svært godt rom å vere i:

«Det som gjer mykje her i dette fengselet, er at vi har dette livssynsrommet der ein kan sitte å prate med presten, som er ein sånn heilt fantastisk stad. (...) Du har ei eiga

stemning i det rommet. Alle som har vore der inne slappar veldig av i det rommet. (...)
Bruken av det rommet der, vil eg seie, har vore ein sånn utruleg flott ting» (I1).

5.1.2 Avlytting

Allereie før første spørsmål vart stilt, hadde I6 noko å seie om temaet som gjekk på trygge samtalar: «Det blir det jo ikkje per telefon, då. Det er ingen trygge samtalar her, for her lyttar dei jo til alt ein seier» (I6).

Nettopp moglegheita for å bli avlytta, var noko eit par av informantane prata om som noko som gjorde det vanskeleg å føle det trygt nok til å ha ein open og ærleg samtale med nokon. Desse informantane gav uttrykk for at tanken om at det kunne bli avlytta var ein tanke som stadig låg der. Livssynsrommet skal ikkje vere avlytta, men det var ikkje lett å stole på at dette var sant. Den eine informanten kommenterte at presten alltid brukte å begynne samtalane i livssynsrommet med paragrafane som blir brotne viss dei avlyttar på det rommet, noko han såg som teikn på at heller ikkje presten stolte heilt på at dei ikkje vart avlytta. Også i telefonen kunne ein bli avlytta, så å prate fortruleg med vennar utanfor fengselet var heller ikkje så lett. Einaste staden ein kunne vere heilt sikker på det ikkje var avlytting, var dersom ein gjekk turar ute på uteplassen. På spørsmål om korleis ein kan legge betre til rette for at innsette føler det trygt saman med fengselsprest, vart forholda rundt avlytting også nemnt, med ønske om å legge til rette for at ein kunne vere på opphaldsrom der ein visste det ikkje var avlytting.

5.2 Trygge personar

5.2.1 Empati

Gjennom intervjuva blei det trekt fram fleire sider ved ein person som gjer at den kan opplevast trygg å opne seg for. Eitt av desse trekka var empati, som i dette sitatet: «Når du møter folk med genuint ekte sympati og empati. Altså som verkeleg bryr seg. Som då opnar celledøra om morgonen og spør: «Hei! Korleis går det i dag? Går det bra i dag? Vil du ta ein prat?»» (T11).

Empati vart berre nemnt konkret av denne eine informanten, men i fleire av svara frå andre informantar kom det fram at dei sette pris på at fengselsprestane er personar som ser dei og bryr seg. Ein av informantane sa mellom anna dette om fengselsprestane der han var no:

«Veldig lette menneske å kome innpå, og som viser at dei bryr seg om dei andre som er her. Veldig flinke til å ta tak i viss dei ser nokon er nedfor, eller ta dei med ut på ein luftetur, eller sånne ting. Det syns eg er veldig bra» (I5).

5.2.2 Tillit

«Ein trygg situasjon er jo at du pratar med nokon du stolar på. Det er jo det det går i,» sa I5. Noko mange av informantane la vekt på, var tillit. Dersom ein skulle opne seg, måtte det vere til ein person ein hadde tillit til og kunne stole på. Dette var for fleire gjennomgåande i mange av svara. Dersom dei skulle opne seg for nokon som helst i fengselet, ikkje berre for fengselsprest, var det avgjerande at dette var ein person dei visste dei kunne stole på. I denne samanheng vart det mellom anna nemnt at ein ville bruke litt tid til å bli kjent med personen først, så ein visste meir om korleis den var som menneske før ein begynte å opne seg til vedkomande om noko personleg. Det var også avgjerande at det som vart fortalt ikkje kom vidare.

5.2.3 Relasjon

«Når du klarer å finne nokon du kan opne deg for, då har du som regel funne ein god relasjon. Der er viktig. Det er jo det mykje av livet går ut på» (I4). Å kunne opparbeide ein relasjon over tid, så ein er trygg på personen ein vel å opne seg for, var noko fleire av informantane kom inn på. Dette inneber fleire samtalar over lengre periodar. Ein nemner den varige relasjonen til fengselsprestane spesielt som noko som gjorde at han ønska å ha samtalar med dei: «Det er jo veldig lette personar å kome innpå og prate med. Og så er det ein fast person» (I5).

Nettopp det at fengselsprestane var faste personar, var noko fleire kommenterte som positivt. Mellom fengselsbetjentar er det stadig vaktskifte, og kven som er innsette endrar seg også stadig, men fengselsprestane er faste personar der du veit kven du har med å gjere og har moglegheit til å opparbeide ein relasjon over tid.

I tillegg til å opparbeide ein relasjon saman, vart det kommentert at det trengst kjemi. Ein pratar ikkje like godt med alle, og ein vil ikkje opne seg personleg for nokon ein ikkje kjem så godt overeins med. At det var god kjemi gjorde det mykje enklare å opne seg. Som ein av informantane sa det: «Kjemien må jo stemme. Det er jo det viktigaste. Viss ikkje gidd ikkje ein å prate med folk» (I3).

5.2.4 Å vere seg sjølv

Fleire nemner trekk som går på personen ein er. Ein av fengselsprestane blir til dømes omtalt som at han er seg sjølv, smiler mykje, er alltid blid, og både medfangar og betjentar omtalte han positivt, noko som gjorde det lettare å stole på han. Det blir nemnt som positivt å ha ein open personlegdom som gjer det lettare å både kome innpå personen og å opne seg sjølv. Å bry seg om andre, vere blid, hyggeleg og å ha eit godt rykte på seg, var også positive kvalitetar som gjorde det enklare å opne seg for nokon. På spørsmål om korleis vi kan legge betre til rette for trygge samtalar med fengselsprest/-diakon, kom det også opp kor viktig det er å vere seg sjølv:

«Eigentleg berre vere seg sjølv. (...), ver open, ærleg og vis ei genuin glede for å snakke med folk. Altså, det er egentleg ikkje noko vanskelegare enn det. For nokon er det ganske vanskeleg, men... Det er det dreier seg om, då. Berre vere medmenneske» (T11).

5.3 Trygge roller

5.3.1 Fengselsprest

«Prestane er noko av det tryggaste som finst i fengsel» (TI3). Dette var eit av svara som kom på spørsmål om å beskrive korleis ein ser for seg ein trygg situasjon for ein open og ærleg samtale med nokon i fengselet. I tillegg til enkelte personlege trekk og verdiar, var det tydeleg gjennom intervjuet at rollene ein har i eit fengsel også avgjer kor trygt det opplevast å opne seg. Informantane meinte alle at fengselspresten var ein trygg person å samtale med, mellom anna fordi det er ein fast person ein kan bygge relasjon til over tid. Noko fleire av informantane vektla, var at taushetsplikta gjorde det trygt å opne seg i samtale med fengselspresten, og nokre meinte det i fengselet ikkje var så mange andre enn fengselspresten ein kunne få til ein trygg samtale med. Gjennom svara var det tydeleg at fengselsprestane dei hadde vore i kontakt med hadde godt rykte på seg for å ikkje seie vidare det som vart delt i fortrulege samtalar. Ein av informantane sa det slik: «Eg stolar på presten. Han har taushetsplikt, og han held den» (I4).

Felles for alle informantane, var at dei generelt hadde eit positivt inntrykk av prestane. Mange nemnde også at det var greitt å ha nokon utanfrå å prate med. Fleire av informantane drog fram at dei elles stort sett omgjevde andre kriminelle, og det var godt å ha nokon andre å prate med om heilt vanlege ting og å få input utanfrå. Nokre drog også fram at det var godt å prate med nokon uavhengige, som ikkje er i fengselsvesenet. Det vart også drege fram av fleire av informantane at det var positivt at fengselsprestane var så tilgjengelege. Dei opplevde dei kunne få samtalar når dei trengte det. Ved å gi beskjed til ein fengselsbetjent, kunne denne gi beskjed vidare, og samtale vart ordna relativt raskt. «Eg følte eg spurte om eg kunne snakke med han når eg trengte det. Dei gongane eg følte at det var noko... (...) Dei gongane eg ville snakke med nokon som ikkje jobba der, liksom» (TI2).

Nokre nemnde spesifikt at dei ønskte å prate med fengselspresten fordi dei sjølve var kristne og trengte både fellesskap og å prate med andre som også trudde. Ein av informantane var taknemleg for at fengselsprestane tok seg tid og samtalte med han også, sjølv om han ikkje var kristen, men muslim. Andre igjen meinte det å ha ein kyrkjeleg bakgrunn spelte positivt inn som ei ramme for trygge samtalar og gjorde det enklare å opne seg.

5.3.2 Tilsette i Kriminalomsorga

Erfaringane med betjentar og tilliten til dei, ser ut ifrå svara ut til å vere blanda. Nokre pratar gjerne med tilsette: «Det er mange snille folk her. For eksempel snakkar eg med betjentar også, det er ikkje berre prest eg snakkar med. Eg snakkar med betjentar og psykolog» (I2). Medan andre er meir tilbakehaldne: «Eg likte ikkje å snakke om personlege ting til dei. Eg veit ikkje... Eg følte kanskje at eg veit ikkje kva dei snakkar om mellom seg, dei som jobbar der. Eg ville berre snakke med folk som ikkje jobba der» (TI2).

Nokre av informantane dreg fram gode opplevingar med fengselsbetjentar, og fleire nemner tidlegare fengsel dei har sitte i med flinke fengselsbetjentar dei kom godt overeins med og gjerne slo av ein prat med. Det blir også kommentert at nokre av kontaktbetjentane ein får kan vere veldig gode, og er slike du gjerne kan ha djupare samtalar med.

Fleire av informantane problematiserte vel og merke at det kunne vere enklare å opne seg for andre utanforståande som ikkje var tilsette i Kriminalomsorga. Nokon nemnde dette i samband med at fengselsbetjentar ikkje hadde så mykje tid til å samtale, andre nemnde at det ikkje var tid nok til å bli godt kjent med og få ein relasjon til fengselsbetjentar, noko dei såg på som grunnleggande før dei ville opne seg. Fleire nemnde det i samband med at ein ikkje visste kva som ville skje vidare med det som vart sagt til nokon tilsette i Kriminalomsorga. Dobbeltrolla med å vere lønna fengselsbetjentar tilsette for å passe på ein, og å skulle vere trygge personar ein kunne opne seg for, vart også kommentert spesifikt av eit par av informantane som grunn til at dei ikkje ville opne seg for nokon tilsette i Kriminalomsorga: «Kriminalomsorga dei har jo ein dobbeltagenda, iallfall. Du veit aldri kvar det du fortel... kva som blir gjort med det og korleis det kan bli skrive ned, og på kva måte det kan bli brukt. Det kan slå ut i mange retningar» (I4).

5.3.3 Frivillige

«På søndagane så var der gudsteneste, så då kom dei jo frå forskjellige (kristne organisasjonar/kyrkjelydar). Så der er gode moglegheiter for å møte veldig gode og opne folk der også på søndagane. Men du kan seie, då sit du jo meir ute i fellesskapet» (TI3).

Medan undersøkinga gjekk føre seg, var fengsla framleis stengde for folk flest utanfrå grunna koronapandemien. Det gjorde at det hadde vore få frivillige innom i fengsla det siste året. Nokon av informantane hadde erfaringar frå tidlegare med frivillige, og det kom derfor fram nokre kommentarar omkring dette også. Eit par av informantane kommenterte tilbodet om besøksvenn medan ein er innsett. Ein av informantane hadde positive opplevingar frå tidlegare med å ha eigen besøksvenn. Ein annan hadde negative erfaringar, og opplevde det som at besøksvennen brukte han til å opne seg til i staden for motsett, og ville derfor ikkje ha besøksvenn igjen. Nokre av informantane hadde positive opplevingar med frivillige og tilsette i organisasjonar som var innom. Erfaringane frå desse var i stor grad at dei var innom på søndagane og hadde gudstenester dei vekene det ikkje var fengselspresten som hadde denne. Fleire av dei som nemnde desse frivillige, kommenterte vel og merke også at det ikkje vart det same som å samtale med fengselspresten.

Med frivillige som var innom, sitt ein ute i fellesrommet. Under gudstenestene er romma låste, og ein har slik ikkje den same moglegheita til å kunne ha ein fortruleg samtale ein til ein, vekke frå andre innsette. Dei er vanlegvis heller ikkje så ofte innom at ein kan opparbeide seg ein relasjon. Ein av informantane nemnde at ein har ulike sirkelar med folk rundt seg, og dei frivillige ein møtte på av og til var ikkje i den inste sirkelen, sjølv om dei var veldig trivelege folk som han gjerne prata med. Også ein annan nemnde at det hadde fungert veldig bra med frivillige som har vore innom, men at desse samtalane blir meir opne og ikkje så personlege. Ein annan kjende til nokon av dei frivillige frå før, og hadde positive opplevingar relatert til desse. Dei var greie å prate med og fortalde ikkje vidare, noko som gjorde det enklare for han å opne seg for desse også medan han var i fengselet.

5.3.4 Innsette

«Ja, altså, det der å drive og opne seg opp så veldig for dei andre det er ikkje så lurt, for då blir det mykje snakk, ikkje sant» (TI3). Dei færraste av informantane ville i særleg grad opne seg for andre innsette. Berre to av informantane nemnde at dei i visse tilfelle kunne prate fortruleg med andre innsette. Den eine hadde gode vennar frå før som også sat inne, og desse kunne han prate med. Den andre informanten hadde fått nokre gode vennar medan han sat i

fengsel, men etter dei slapp ut var det vanskeleg å opne seg for dei, då han visste at telefonlinja kunne bli avlytta.

Det vart elles kommentert at å opne seg for andre innsette ikkje var noko ein burde gjere. Risikoen var for stor for at det vart spreidd vidare, og det vart også sagt at æreskodeksen inne i fengselet er så sterk at dette i så fall kunne føre til at ein måtte ta igjen. Å opne seg for andre innsette vart kalla både ein nybegynnarfeil og kommentert som noko ein etter nokre gonger heilt sikkert vil brenne seg på. Dette var noko som verka opplagt frå fleire av dei innsette si side. På spørsmål om kva som gjer det vanskeleg å opne seg, svarer eine informanten slik: «Nei, altså, det er jo ikkje vanskeleg. Men det er jo ikkje noko du ønsker å gjere ovanfor for eksempel andre innsette eller menneske du ikkje er trygg på. Det gjer du berre ikkje» (I1).

5.3.5 Faste grupper

«Nokon gonger har vi vore samla 5-6 stykk der og presten, og sitt og pratar og diskuterer oss i mellom. Då blir det veldig opne samtalar. (...) Sånn gruppesamtale som det der i mindre grupper, det er berre heilt gull. Det skulle du berre ha opplevd. Det er heilt rått» (I1).

Sjølv om dei færraste ville prate med innsette om noko djupt til vanleg, viste det seg å vere ein tryggare situasjon når dei var saman med nokre av dei i samtalegrupper saman med presten. Ein av informantane fortalde korleis han først ikkje hadde nokon tankar om at fengselspresten hadde noko med han å gjere, men nokre lappar med tilbod om refleksjonsgrupper leia av fengselspresten og ein anna tilsett trigga interessa hans, og vart hans innfallspørt til å bli kjent med desse. Den aktuelle refleksjonsgruppa det her er snakk om, går føre seg i livssynsrommet. Det vart kommentert at sjølve stemninga i rommet også er ein faktor for gruppa sin suksess, då alle slappar av der. Ei relativt fast gruppe innsette samlast, og i dette forumet kan dei sjølve vere med å bestemme kva tema dei har lyst å prate om. Dette kunne vere alt frå å høyre om andre sine livserfaringar til å prate om noko som hadde dukka opp i nyheitsbildet i det siste. Spesielt to av informantane drog fram desse gruppene som noko svært positivt: «Den refleksjonsgruppa er noko som du bør anbefale i alle moglege fora i alle moglege fengsel, og gjerne fleire. Det treng ikkje vere berre ein prest som tek den, det kan

vere andre og. Men det må vere tenkande individ» (I6). Det vart også nemnt at det gjerne fungerte best blant dei litt eldre innsette, og ikkje alle passa like godt inn i ei slik gruppe.

5.4 Trygge tidspunkt

5.4.1 Tid for seg sjølv

Ikkje alle tidspunkt passar like godt for å opne seg. Nokre tidspunkt i soninga er ein ekstra sårbar, og nokon treng litt tid for seg sjølv først. To av informantane kommenterte at det av og til kan trengast litt tid for seg sjølv før ein er klar for samtalar med fengselspresten:

«Eg ser ikkje nokon grunn til å ikkje ville prate med han. Det må jo vere viss ein er veldig nedfor og knyter seg veldig i tankar og sånt. Nokre gonger så er det jo sånn med oss menneske, så har vi litt behov for å få vere litt i fred også, ikkje sant» (TI3).

Den eine av desse opplevde at han trengte lang tid i starten, for han var både for flau og stolt til å ville prate med nokon. Fengselspresten banka likevel på kvar veke, sjølv om han ikkje ville prate med han, noko informanten i ettertid såg på som veldig positivt. Etter ei lang stund vart han klar for å opne seg, og etter dette hadde han samtalar med fengselsprest kvar veke.

5.4.2 Tid for å opne seg

«I fengselet så utøver dei jo ein veldig tryggleik dei som jobbar som fengselsprestar, så det går jo eigentleg ganske av seg sjølv det å kunne opne seg for dei. Men du må jo gå litt inn i deg sjølv også og ville prate med nokon, å ville opne deg opp» (TI3).

Kor opne dei innsette var til vanleg, var variabelt. Dei fleste av dei kommenterte at dei vanlegvis ikkje opna seg for nokon. Berre ein sa han alltid var open og rett fram, same kven han prata med. Ein nemnde han hadde vanskelege opplevingar frå barndomen som han gjerne skulle prata med nokon om, men som han framleis aldri har fortalt om til nokon. Når ein ikkje er van med å opne seg, kom det fram at det heller ikkje er så lett å begynne med det. Han

visste ikkje korleis han skulle opne seg for nokon om det han aldri før hadde prata om. Ein annan meinte det ikkje var noko poeng i å grave i alt gammalt, ein burde heller sjå framover. Fleire nemnde det ikkje var så lurt å opne seg for andre. Nokon var også meir lukka som person, og hadde ikkje noko ønske om å opne seg:

«Eg veit jo at all info er makt, ikkje sant. (...) Det er ikkje så mykje du skal opne opp før du kan risikere at du møter det igjen i ein annan samanheng. Eg opnar meg nok ikkje sånn personleg for nokon, verken i fengselet eller andre stadar. (...) Eg klarer å nå mine mål viss eg sett dei. Å opne seg er ikkje eit mål for meg» (I6).

Sjølv om dei ikkje brukte å opne seg til vanleg, kunne det ut ifrå svara sjå ut til at fengselspresten likevel stod høgt i kurs som ein dei opplevde dei kunne opne seg for. Fleire av informantane sette pris på å ha ein fengselsprest tilgjengeleg når dei kjende det var noko dei gjerne ville prate om. Ved å gi beskjed til ein fengselsbetjent, kunne denne ganske raskt ordne samtale med fengselsprest ved behov. Dette kunne vere behov som hadde bygd seg opp over tid, men det kunne også vere spesielle hendingar som plutsleg hadde oppstått. Ein fortalde til dømes om ei vanskeleg hending i nær familie. Då han ikkje fekk vere saman med familien gjennom dette, var det godt å kunne få samtalar med fengselspresten.

5.4.3 Tid i soninga

Eit par av informantane nemnde tida i varetektsavdelinga spesielt som ei tid ein trengte nokon å prate med. Ein av dei hadde gode erfaringar med at fengselspresten kom innom ekstra mykje den tida:

«Spesielt på varetekten så bruker dei å vere flinke til å kome inn til deg på rommet, og det er jo gjerne då du har mest behov for å prate. Då er du låst vekk, og det akkurat har skjedd, og du ber mest på skam og har mykje dårleg samvittigheit...» T13

Ein annan av informantane sakna nettopp dette, og såg på dette som noko som kunne forbeistrast. Då denne informanten sat i varetekt, fekk han sjølv ikkje tilbod om å snakke med

nokon utanom avhøyr. Når ein sitt på denne avdelinga, kanskje opp imot fleire månader, kan det vere godt å ha nokon andre å snakke med også. Han kom derfor med forslag om at fengselsprestane også kan drive meir oppsøkande arbeid, og at ein kunne fått inn rutine med at presten oppsøkte alle nye i fengselet, presenterte seg og spurte om ein hadde behov for ein samtale. Slik kan dei innsette også oppleve seg sett.

5.4.4 Tid saman

Fleire av informantane gav uttrykk for at dei gjerne ønska endå meir tid i samtalar saman med fengselspresten: «Eg kunne ha sete og snakka med han heile dagen, eg, alle dagar» (I6). Det kom fram at dei syns fengselsprestane var flotte personar å prate med, dei hadde mykje moro saman, det var godt å lufte tankane, få nye perspektiv og innspel utanfrå, og generelt gav informantane uttrykk for at desse samtalanane var noko dei sette stor pris på.

Sjølv om dei gjerne skulle hatt endå fleire samtalar sjølve, har informantane likevel forståing for at fengselspresten ikkje kan bruke all si tid på ein person. Ein av dei kommenterte at med tanke på kor mange innsette det var i fengselet, var det å få ein time samtale i veka allereie langt meir enn ein kunne forvente. Meir eller mindre direkte var dei fleste innom at det hadde vore positivt om fengselsprestane hadde endå meir tid, noko som både kunne blitt brukt til samtalegrupper, ein til ein-samtalar og oppsøkande arbeid. Dei var klar over at prestane ikkje hadde så mykje meir tid å gå på, og det kom fram både at det var viktig å bruke den tida ein har best mogleg, fokus på at presten ikkje må vere overarbeidd så han har tid til samtalar når det trengst, og ønske om at kyrkja kan tilsette fleire fengselsprestar.

5.5 Trygge samtalar

5.5.1 Innleiing

«Det må vere ein person som ikkje er så veldig alvorleg. At han startar kanskje samtalen med noko litt lett noko. Ikkje noko personleg. (...) Sånn omgjengeleg, for å seie det sånn. Det er eigentleg det viktigaste. At ikkje det berre blir snakk om sånn

kristendom og sånn, men at ein kan snakke om alt mogleg. Då er det litt lettare å opne seg» (TI2).

Nokre av informantane kom inn på starten i samtalen. Det å kunne prate om alt mogleg var noko fleire var innom som noko dei sette pris på. Å kunne bruke humor og le saman vart også kommentert av fleire som svært positivt. Det viste seg altså viktig å kunne ha dei lettare samtalanane for også å legge til rette for dei djupare. Ein av dei nemnde også at dersom han skulle opne seg personleg, var det avhengig av at fengselspresten tok initiativet: «Det må jo vere spørsmål direkte frå dei, då. Viss ikkje går jo aldri eg rundt og snakkar om korleis eg har det» (I3).

5.5.2 Innhald

«Nokon gonger løyser vi verdsproblem og andre gonger skaper vi dei» (I3). Dette sitatet kjem frå ein av informantane når han fortalde om samtalanane med fengselsprestane. Grunnane til at informantane ønskte å prate med fengselsprest var mange, og det kunne spenne heilt frå å ville diskutere daglegdagse hendingar til å prate om tru eller sensitive tema. Ein nemnde det som positivt at presten var ein medvandrar, noko som kunne innebere å gi praktisk hjelp i kvardagen, til dømes hjelp til å fylle ut søknadar eller kjøpe togbillett når ein skal ut på perm. Dei fleste var i løpet av intervjuet innom at det var godt å kunne prate om heilt vanlege ting med nokon utanfrå. Dette kunne innebere å prate om laust og fast, snakke om nyheitene, diskutere tema som ikkje var så viktige, prate om livet, eller berre det å få ha ein fornuftig samtale med nokon. Fleire av dei ønskte også å prate med nokon som ikkje var verken innsett eller betjent, og dermed var fengselspresten ein god person å snakke med for å få input utanfrå.

Eit par av informantane ønskte å prate med fengselspresten fordi dei sjølve var kristne og mellom anna ønskte å prate med nokon om tru. Ein annan informant var litt nysgjerrig på dette med tru, noko som var med og føre til at han ønskte samtalar med fengselsprest. Ein av informantane fortalde det var godt å møte ein som var kristen og som kunne lytte:

«Eg ønska vel egentleg å få berre møte eit nytt vesen som er prest, då. Som har ei tru, som eg då også har. Og der eg då kunne få lov til å lire av meg all den møkka som eg hadde inni meg, og kva eg sat for» (T11).

Det kom også opp nokre gonger at det var viktig presten ikkje pressa på ein trua si. Dette hadde ikkje hendt i fengselet dei noverande innsette var i, men nokon hadde opplevd liknande tidlegare:

«Eg har opplevd nokre prestar i fengselet, for eg har sote fleire stader, og nokon er veldig opptatt av å slå Bibelen i hovudet på deg og at einaste løysinga er Jesus. Eg reknar med at du og eg er einige om at einaste løysinga er Jesus, men du må ikkje starte der. Nei, du kan ikkje starte der, for då har du stengt døra» (T11).

Fleire av informantane var innom at det var godt å samtale med nokon som kunne lytte og som dei kunne få tømme seg til. Det vart sagt at det var godt å få prate med nokon med taushetsplikt både om det dei hadde gjort og grunnen til at dei hamna i fengsel, men også om bekymringar og det ein gjekk og tenkte på. Nokre kommenterte at ein har mykje tid til å gruble medan ein er i fengsel, og det var derfor godt å dele dette med nokon. «Når eg er i cella, for eksempel dagen før eg vil snakke med han, så kjem det så mange tankar, veit du. Det kjem mange mørke tankar, og andre tankar, så derfor brukar eg (prestane)» (I2).

Personlege ting var noko som vart drege fram som noko ein gjerne ville prate om med fengselspresten. Ein hadde behov for å prate om barndomen. Nokre av informantane ønskte å prate med fengselspresten om forholdet til familie og andre nære. Ein av informantane fortalde han hadde behov for å prate med fengselspresten om nokre familiære hendingar som skjedde medan han var i fengsel. Nokre var også innom at det kan vere godt å prate med fengselspresten om ting som blir tungvint og vanskeleg medan ein sitt i fengsel, som å ikkje få ha kontakt med barna sine, at kona ikkje får kome på besøk på grunn av koronarestriksjonar, eller at ein er sett i fengsel og ikkje har fått forklart seg for arbeidsgjevar. Å ha brev- og besøksforbod, og dermed ikkje få ha kontakt med nær familie, var også noko som ein drog fram som vanskeleg, og som var eit tema han ønskte å prate med fengselspresten om.

«Men personleg syns eg det er veldig godt når eg har eitt eller anna som plagar meg, sånn som det der når det var koronastengt. Det er jo noko ingen kan fikse, men likevel å få prata om at då har eg det tungt. Den biten der. Det hjelper å berre få sagt det til nokon korleis du verkeleg har det» (I1).

5.5.3 Mål

Gjennom intervjuet kom det fram at for dei fleste av informantane var glade i å kunne prate om alt mogleg med fengselspresten, men det var likevel med eit mål om å få moglegheit til å opne seg og vere ærleg for nokon som ikkje ville seie noko vidare, og å få innspel frå nokon utanfrå. Kor opne dei ønskte å vere var varierende, men sjølv om dei likte å prate om laust og fast, var ikkje desse samtalan utan mål og mening i eit litt større perspektiv:

«Eg har alltid sett veldig pris på desse opne og gode samtalan, så eg kan få lufta litt det som er problemet, kan du seie, så ein kan få tatt litt tak i tankane. For det er jo ikkje lurt å gå og brygge inne på sånne ting. Det beste er jo å prate ut opne og ærleg om ting sånn at ein får sett ting på plass der det skal vere, sånn at ein får litt meir oversikt og sånne ting» (TI3).

Vegen vidare var eit viktig poeng å prate om for den eine informanten. Han trengte å prate med nokon om kva han skulle gjere for å stake ut vegen framover, få miljøskifte og kome seg vidare når han kom ut av fengselet. Dette var også noko han såg tilbake på som det aller beste med å ha opne og ærlege samtalar med nokon medan han var i fengselet:

«Å starte prosessen (...), fordi viss ein ikkje har ein open og ærleg samtale inni fengselet, der ein er veldig skjerma, isolert, ein har moglegheita til å få all hjelp ein kan, eller iallfall moglegheita til å få hjelp, då, både frå systemet og frå prestar og frå andre instansar som er ute. Viss ein ikkje startar den samtalen der, så er ein veldig sårbar når ein kjem ut. Ein må starte prosessen inne, så alt er klart når ein kjem ut, den dagen ein skal lauslatast. Det er vel det som er det viktigaste» (TI1).

5.5.4 Verknader

«Det gjorde meg blidare. Mindre sint. Eg gledde meg til å sjå (presten) igjen. Altså det er ei byrde, då. Det er sånn klisjeaktig å seie at det er ei byrde som blir tatt frå skuldrane dine, men det er faktisk det altså. Det er noko som skjer når ein tør å opne seg og seier: «Du, veit du kva. Eg har drite meg rett ut»» (TI1).

Dei innsette hadde gjennomgåande merka ein verknad både mentalt og fysisk av å ha opne og ærlege samtalar med fengselspresten eller andre. Gjennom intervjuet var alle informantane innom at det gjorde dei godt å kunne få ha slike samtalar med nokon, sjølv om ikkje alle desse svara kom på direkte spørsmål om kva det gjorde med dei å opne seg for nokon i løpet av fengselsopphaldet. Ein av informantane likte å få snakke fritt om ting, mange av dei sette pris på å få nokon andre sitt synspunkt og nye vinklingar på det dei lufta, og generelt syns informantane det gjorde godt å få lufte bekymringane og det dei gjekk og tenkte på med nokon. Sjølv om ikkje problemet kunne løysast, gjorde det godt å diskutere det med nokon, få nye innspel, samtale om det og gjerne le litt saman: «Det kan gjere veldig mykje det, eigentleg. Få prata om tankar og bekymringar, og få tømt ut og få litt innblikk frå andre enn seg sjølv» (I5).

Nokre av informantane syns det var godt å få blåse ut til nokon, og dette var noko av det viktigaste med samtalanane for dei. For andre av informantane var det godt å få opne opp og vere heilt ærleg i samtale med nokon. Gjennom samtalar kunne dei få innspel og andre synsvinklar på ting som plaga ein. Etter å ha fått lufta tankane med nokon, var det fleire som merka ei ro i kroppen etterpå. Tankane roa seg også, og dei kunne i etterkant få slappe av utan og gruble så mykje når dei var tilbake på cella. Gjennom samtalanane med fengselspresten, fekk dei innsette nokre lyspunkt i dagen og noko som også hadde ein positiv verknad på dei vidare. «Eg blir litt stille i hjartet, veit du, når eg har opna meg for nokon. Fordi det er veldig mykje i hjartet mitt... Når eg snakkar om det så blir eg rolegare og rolegare» (I2).

6 Drøfting

Gjennom intervjuua kom det fram mange meiningar og spennande utsegner om kva informantane som innsette ser på som viktig for å kunne vere trygg nok til å opne seg i ein samtale med nokon, og spesielt fengselsprest, i fengselet. Dei hadde også nokre tankar rundt kva som kunne gjerast betre. Ved å gå vidare inn på desse funna og drøfte dei opp mot teorien som tidlegare er presentert, vil eg her prøve å svare på spørsmåla som vart stilt i problemstillinga. I tillegg til teorien vil eg også sjå noko på samanhengen mellom funna og levekårsundersøkinga (Revold, 2014).

6.1 Trygge rom

6.1.1 Rom for samtale

Kva er eit trygt rom? Kva får oss til å føle oss komfortable nok til å opne opp om det ukomfortable? For mange av oss vil iallfall det å samtale ope og ærleg også innebere at ein kjem inn på personlege tema ein ikkje ønsker å prate om med alle og ein kvar. Det er mykje som skal klaffe før vi vågar å vise oss sårbare for nokon, og eitt av dei områda er sjølve rommet og situasjonen ein er i. Vi kan sjølv tenke oss ein situasjon der det er noko spesielt vi ønsker å prate med nokon om, og gjerne om noko som er litt vanskeleg. Vil vi då opne oss for den første kjenningen vi møter på butikken? Eller i ei samling med mange til stades? Spelar rommet og omgjevnadane ei rolle når det gjeld tidspunktet vi vel å opne oss?

Ikkje overraskande kom det gjennom svara frå informantane fram at romma dei var i kunne spele inn på om dei ønskte å opne seg eller ikkje. I denne samanhengen vart sjølve rommet og stemninga der kommentert. Informantane som på intervjutidspunktet var innsette, sat alle i eit høgsikkerheitsfengsel med livssynsrom. Utforminga av romma i fengselet generelt, og korleis stemninga der var, vart ikkje spesifikt kommentert av nokon. Derimot var det fleire som drog fram livssynsrommet som noko svært positivt. Jensen og Ulleberg (2019, s. 316-317) skriv om rammer for samtalar, og at staden i seg sjølv vil metakommunisere kva tema som er aktuelle å ta opp. Nygård (2016), som sjølv har erfaring som fengselsprest, skriv ut frå eigen erfaring at samtalan med innsette hadde ulik karakter alt etter om dei gjekk føre seg på eit kontor, kyrkjerom, i cella eller fellesrom. Her er det allereie nemnt fleire rom som gir rammer

som kan vere med å peike på både kva tema som er aktuelle å samtale om, og kor nært ein kjem innpå livet ved å samtale om dette.

I rammene av eit fengsel er situasjonen i seg sjølv noko ein kan tenke seg fleire ønsker å prate om. Kvifor er dei her, kva førte dei hit og korleis har dei det her? Som livssynsrom indikerer namnet på rommet i seg sjølv noko om kva tema ein kan prate om i dette rommet. Her kan ein tenke seg det skal vere trygt å prate om kristen tru, og sidan det ikkje er eit kyrkjerom gir det kanskje større rom for også andre livssyn og eksistensielle spørsmål. Men kan det også verke avgrensande? Kan det opplevast som at ein må prate om desse temaa og ikkje kan ta opp kva som helst? I intervjuet såg vi situasjonen rundt fengselet var noko nokre av informantane fortalde dei prata om. Her vart det nemnt at ein trengte å prate om både sjølv lovbrottet, kva som hadde ført ein dit, korleis ein hadde det i fengselet og kva som ikkje fungerte i denne institusjonen. Nokre få nemnde spesifikt at dei prata om kristen tru, og fleire nemnde noko som innebar eksistensielle spørsmål. Dei rammene som blir skapt av eit livssynsrom med ein prest til stades, gjer at mange sjølv opplevde det naturleg å ta opp trusspørsmål og eksistensielle spørsmål. Nettopp livet i fengselet og dei eksistensielle spørsmåla dette spesielle livet skaper, var noko fleire ønskte å samtale om saman med fengselsprest. Mange nemnde også dei kunne prate om kvardagslege ting og hendingar, noko som kan indikere at dei fleste informantane ikkje kjende seg avgrensa av å vere i eit livssynsrom. Livssynsrommet vart av fleire kommentert som eit godt rom å vere i, med ei eiga stemning der dei kunne slappe av og prate om alt mogleg. Det kunne gjennom svara sjå ut til at dersom dei først var blitt fortrulege med å samtale med fengselsprest og å vere i livssynsrommet, så opna dette rommet for samtalar av alle slag.

6.1.2 Samtale under fire auge og fire øyre

Noko av det avgjerande for stort sett alle informantane, var å vere ein stad ein kunne prate saman ein til ein. Dette kunne vere både celle, kontor, kyrkjerom, livssynsrom eller ute. Fellesrommet var lite eigna til fortrulege samtalar. Som ei ramme rundt samtalen som gjer det enklare å opne seg opp, er det lett å tenke seg at nettopp det å kunne samtale under fire auge er grunnleggande. Som innsette i fengsel hadde informantane vel og merke endå eit aspekt å ta med i likninga, noko dei fleste av oss i det daglege ikkje treng å tenke på; nemleg avlytting.

Ikkje berre var det viktig å kunne ha samtalen under fire auge, men nokre av informantane ytra også eit sterkt ønske om å kunne få ha fortrulege samtalar for berre fire øyre.

Som eit nytt fengsel har fengselet dei innsette på intervjutidspunktet var i mange avlyttingsmoglegheiter, noko som gjeld både telefonsamtalar og dei fleste rom. Dette set også ei ramme for samtalen og kva ein føler seg komfortabel med å ta opp. Ville vi sjølve opna opp om det sårbare dersom vi visste det når som helst kunne vere usynlege øyrer vi ikkje visste kven hørde til som lytta til oss? Ville eg ha fortalt ein venn på telefon om saknet etter barna mine dersom eg visste nokon kunne lytte? Under intervjuet var det eitt tilfelle av avlytting av samtalen, og eg tok meg i å tenke det var flaks vi akkurat då var veldig saklege i eit nøytralt spørsmål, og eg var glad det ikkje var eg sjølv som prata. Kanskje naturleg nok, men avlyttingsmoglegheiter var ikkje av dei rammene for samtalen som var nemnt i teorien eg sjølv refererer til. Likevel var det heilt tydeleg at dette spelar inn og er ein til dels viktig faktor i kva ein må tenke på når det gjeld rom for opne samtalar i eit fengsel. Ein av informantane kommenterte raskt at grunna avlyttingsmoglegheitene var det umogleg å ha trygge samtalar medan ein var i fengsel. Det vart også vektlagt at nettopp livssynsrommet skulle vere eit rom som ikkje vart avlytta, og slik kunne ein finne trygghet i at her kunne ein prate ope utan at andre hørde det enn dei som var til stades og som ein ønska å opne seg til. Ein av informantane kommenterte at er det noko ein lengtar etter i eit fengsel, så er det friheit og fornuft. I livssynsrommet fekk han ein smak av begge deler, i det han opplevde han at han kunne ha fornuftige samtalar med andre i eit rom utan avlytting.

For dei av informantane som ikkje stolte på verken kontor eller celle grunna avlyttingsmoglegheitene, var uteområdet ein god plass å vere. Kanskje ser vi her korleis den institusjonelle makta tilsette i fengselet sitt på spelar inn også på konfidensielle samtalar mellom fengselsprest og innsett. Den institusjonelle makta (Jensen & Ulleberg, 2019, s. 201) gir tilsette i Kriminalomsorga moglegheit til avlytting av både rom og telefonsamtalar. Som prest i eit fengsel opererer ein i eit maktrom (Nygård, 2016), og avlyttingsmoglegheitene til dømes på cellene viser dette på ein konkret måte. Her bør fengselsprest saman med den enkelte innsette saman finne det rommet som opplevast trygt nok for å kunne opne seg. Avlyttingsmoglegheitene den institusjonelle makta sitt på, ser ut til å gjere ein del av dei innsette utrygge på kvar dei kan ha ein open og ærleg samtale med nokon der innhaldet ikkje

kan kome ut av deira kontroll. Graden av utryggheit, og kanskje også graden av sensitivitet i det dei ønsker å samtale om, gjer dei til dels på jakt etter eit rom utan usynlege øyrer.

6.2 Trygge personar

6.2.1 Relasjonsbygging og tillit

Er det enklare å opne seg til nokre personar enn til andre? Kva er det i så fall som gjer dette? Forsking har vist at relasjonen mellom terapeut og klient er det som betyr mest når det gjeld å få eit godt resultat (Jensen & Ulleberg, 2019, s. 204). Det er slik interessant at informantane også vektlegg relasjonen dersom dei skal tore å opne seg for nokon. I løpet av tida ein brukte på relasjonsbygging, meinte informantane ein kunne bli betre kjent med personen og gjerne avsløre om det var nokon det var trygt å opne seg for eller ikkje. Å ha ein fast person å halde seg til, gjorde det både enklare å få ein trygg relasjon og skapte tillit. Dette kan tyde på at det ikkje er likegyldig kven ein pratar med dersom ein treng ein samtale. Ein person som er innom no og då, og som ein kanskje får berre ein samtale eller to med, rekk ein ikkje å bygge opp ein relasjon til. For informantane var det også viktig å vite kven ein hadde med å gjere og at det var ein person ein kunne stole på. Ut ifrå dette kan vi lese at dei opne og ærlege samtalanane sannsynlegvis først kjem etter ei god stund og mange samtalar. Dei innsette må ha tid til å bli kjent med den dei skal prate med først, finne ut meir av korleis denne er som person, og vurdere om det er nokon ein ønsker å opne seg og vise sine sårbare sider til.

Ifølge Jensen og Ulleberg (2019, s. 204) kan samtalepartnaren på si side også gjere noko for å legge til rette for ein god relasjon. Dette kan gjerast gjennom å lytte og å gi deira historie og erfaringar forrang. Jensen og Ulleberg skriv her om terapeut og klient, men det er nærliggande å tru at desse lærdomane også kan brukast mellom innsett og både tilsette og frivillige i fengselet. Nettopp dette var noko av det som gjekk galt i eine relasjonen mellom ein informant og ein frivillig besøksvenn, då besøksvennen var mest opptatt av å fortelje om seg sjølv og sine problem. Informanten opplevde ikkje å vere den som blei lytta til og som hadde forrang, og relasjonen skar seg. Å lytte til den innsette, ha medkjensle og bygge ein allianse saman, er noko som trengst for eit vellykka samarbeid (Jensen & Ulleberg, 2019, s. 204).

6.2.2 Empatisk tilnærming og kognitiv kunnskap

Empati er eit ord mange av oss forbinder med fortrulege samtalar. Dette gjaldt også informantane, sjølv om berre ein nemnde det eksakte ordet. Likevel kunne ein sjå det som eit underliggende element i fleire av svara, og ein kan tenke seg at mangel på empati nok fort hadde blitt lagt merke til.

Det kan her vere interessant å ta med seg Harboe si tredeling av empati, der han deler empatien i ei kognitiv side, ei affektiv side og empatisk presisjon (Harboe, 2016, s. 286-287). Den kognitive sida går på kunnskap. Som fengselsprest eller fengselsdiakon, kan ein tenke seg det kan vere nyttig å tileigne seg kunnskap rundt menneskelege reaksjonar basert på situasjonar som er aktuelle for gruppa ein arbeider med. I dette tilfellet kan det gjerne vere nyttig å vite meir om kva bakgrunn mange innsette kan ha. Når ein ser på levekårsundersøkinga (Revol, 2014), ser ein til dømes at mange innsette har hatt ein utfordrande oppvekst, og ein høgare prosentdel enn hos referansegruppa har opplevd å bli misbrukt, dårleg økonomi, vanskelege relasjonar, og har lite utdanning. Kunnskap rundt desse områda kan vere med og gi forståing for situasjonar dei innsette har vore i og kvar dei kjem frå. Men kanskje kan det også føre til at ein antek noko som ikkje stemmer, sidan ein veit dette er noko som gjeld fleirtalet. Ein kan då tenke seg at kunnskapen også bør brukast til å spørje relevante spørsmål – enten for å bekrefte eller sjå bort frå.

Med bakgrunn i levekårsundersøkinga, kan ein også tenke seg at kunnskap om skam kan vere relevant inn mot samtalar med dei innsette. Berre ein av informantane nemnde skam spesifikt, medan ein annan fortalde han hadde følt seg flau. Dette kan skuldast at ingen av spørsmåla brukte ordet skam. Likevel er det overraskande at så få tematiserte skam. Ei anna forklaring er at skam ikkje var eit tema som opptok informantane, eller at dei har moglegheit til å tematisere eigen skam i andre samanhengar. Ei tredje forklaring kan også vere at fleire av dei kjenner på skamlausheit (Farstad, 2016, s. 67).

Skamlausheit er noko Farstad (2016, s. 67ff) dreg fram som noko ein kan utvikle på bakgrunn av ein vanskeleg oppvekst, og som kan føre til både manglande empati og manglande samvit.

Når ein tenker på funna frå levekårsundersøkinga (Restad, 2014), kan ein tenke seg slik kunnskap kan vere godt å ha som samtalepartner for innsette, og noko som gir betre grunnlag for kognitiv empati.

Det kan likevel tenkast at skam er noko fleire av dei innsette har kjent på eller kjenner på. Ifølge Farstad (2016, 64ff), kan personar med liknande bakgrunn som mange innsette, ofte vere prega av internalisert destruktiv skam. Dette kan gjere personar tilsynelatande harde. Med denne bakgrunnen meiner Farstad det også kan bli ein skeivlasta relasjonskompetanse, noko som seinare kan føre til hyppige relasjonsbrot og vanskeleggjere nære relasjonar. Levekårsundersøkinga (Revolv, 2014, s. 4) viser også at mange innsette har få nære relasjonar. Kan det vere ein samanheng mellom desse komponentane? Dette kan vere interessante tankar å ha med inn i samtalar med innsette. Har dei kanskje ikkje så mange å opne seg for, og kan denne type skam vere dels grunnen for dette?

Ein annan type skam er skam rundt verdigheit og ære, noko Farstad (2016, s. 67ff) nemner som ei skam ein gjerne kan kjenne på i eit prestasjonssamfunn. Kanskje er det nettopp denne skamma informantane har kjent på, då det vart nemnt at starten på eit fengselsopphald er tidspunktet då ein ofte kjenner på skam? Ein av informantane fortalde kor flau han var over handlingane som hadde ført han i fengsel. Ein kan også tenke seg at ein kjenner skam overfor arbeidsgivar, familie og vennar. Eller ein kan kjenne skam over å ikkje klare det ein sjølv eller samfunnet forventa av ein. Dette kan vere døme på kunnskap som kan tenkast å vere nyttig for ein i diakonalt arbeid blant innsette å kunne meir om, også for å kunne utøve kognitiv empati.

Medkjensle er noko som viser seg viktig for å få ein relasjon til å fungere godt (Jensen & Ulleberg, 2019, s. 204). Affektiv empati gir rom for bruk av eigne følelsar i møte med den andre (Harboe, 2016, s 286-287). Det er interessant at ingen av informantane nemnde noko om at ein kunne gråte saman med fengselspresten, men mange nemnde det var godt å ha ein å le saman med. Kan dette tyde på at fengselsprestane passar seg for å bli for følelsmessig involverte i det som blir fortalt? Ein kan tenke seg at kvar innsett har ein del av historia si som kan vekke medkjensle. Men kvar innsett har også ein del av si historie som omhandlar eitt eller fleire lovbrott. I somme tilfelle kan det tenkast at empatien i staden vekkast for offeret, og ein må som fengselsprest eller fengselsdiakon passe på sin profesjonalitet så ein ikkje får

aversjon mot den ein samtalar med (Harboe, 2016). Kanskje er det derfor ikkje utan grunn at ingen fortel om stor kjenslemessig innleving i det vanskelege frå fengselspresten si side. Eller kanskje er det dei innsette sjølve som ikkje ønsker å dele noko som er så kjensleladd? I samtalar mellom fengselsprest og innsett er det stort spelerom for bruk av empatisk presisjon.

6.2.3 Å vere seg sjølv, men prega av godheit

Fleire av informantane sette pris på at fengselsprestane viste omsorg, såg ein dersom ein hadde dårlege dagar, og brydde seg. Det vart også kommentert viktigheita av at denne omsorga er ekte, og noko anna ville fort bli gjennomskoda. Kan det tenkast at dette kan ha ein samanheng med det ein mellom anna i sjelesorga legg vekt på som godheit og verdigheit?

Nyhus (2016, s. 280-281) meiner ein som vegleiar bør tole å møte både eige og andre sitt inste mørke, men at ein midt i alt må ha trua på at det også finst noko godt i dei. Ifølge Nyhus bør det som driv ein fengselsprest eller fengselsdiakon i arbeidet, vere at ein er glad i dei innsette, og at ein veit at alle treng medkjensle og støtte, uansett moralske og menneskelege kvalitetar (Nyhus, 2016, s. 280-281). Harboe (2016) er inne på det same, då han skriv om menneskeverdet ein som fengselsprest og fengselsdiakon meiner er noko som er lagt ned i kvart menneske, og at kvar enkelt er skapt i Guds bilde. Dette er noko som må visast i handling, og der ein også kan ha Jesu respekt for dei han møtte som forbilde til korleis ein møter innsette i fengsel. Kanskje kan nettopp dette også vere eit viktig poeng for å hindre aversjon mot den ein samtalar med (Harboe, 2016). Når informantane fortel om fengselsprestane som dei har høyrte så mykje godt om, som ser dei og tek seg tid til å prate med dei, og som er så lette å bli glade i, så kan dette kanskje henge saman med at fengselsprestane sjølve har ein kjelde der dei finn kjærleik til dei dei møter på sin veg, trua på det gode og eit urokkeleg menneskeverd?

6.3 Trygge roller

6.3.1 Maktforhold innsette imellom

Kven opnar ein seg for når ein er i fengsel? Det viser seg at personlege eigenskapar og langvarige relasjonar spelar inn, men spelar det også inn kva rolle ein har i fengselet? I intervju med informantane, var det tydeleg at ulike roller gav ulikt utslag på kor opne ein var i samtale med desse. Dette gjaldt både mellom dei innsette sjølve og mellom dei innsette og fengselsbetjentar eller fengselsprest.

Mellom dei innsette kan det nok ha mange grunnar, mellom anna kan gjerne den indre fangejustisen (Harboe, 2016) spele inn på korleis ein held seg til kvarandre og kor mykje ein ønsker å dele av sitt inste. Fleire av informantane var tydelege på at dei ikkje ønskte å opne seg for andre innsette, og det vart kalla ein nybegynnarfeil om dette hende. Dersom dei hadde gode vennar der frå før, kunne nokre av dei opne seg for desse. Ein meinte også han kunne prate med nye vennar han hadde fått i fengselet, men dette var klart ikkje den gjengse oppfatninga blant informantane. Det vart sagt at om ein opna seg for andre innsette, kunne det bli mykje snakk mellom dei andre. Dette kunne også føre til at ein på eit tidspunkt måtte ta igjen. Det kunne altså sjå ut til at ein viktig grunn til at dei fleste av informantane ikkje ville opne seg for andre innsette, var at dei var redde for, og til dels rekna med, at denne informasjonen kom til å gå vidare og ut til innsette dei ikkje sjølve ønskte å opne seg for.

Det var derimot eit skilje når det gjaldt dei innsette som var i samtalegruppe ilag. Fleire av informantane var i ei samtalegruppe dei hadde meldt seg på i fengselet. Her var det fengselsprest saman med andre som leia, og dei innsette kunne sjølve vere med å bestemme kva tema dei skulle samtale om i gruppa. Denne gruppa fekk veldig gode tilbakemeldingar frå dei av informantane som var deltakarar, og dei opplevde at dei i denne gruppa kunne opne seg også til andre innsette. I ei slik gruppe ser det ut til at dei innsette finn kvarandre i ein symmetrisk relasjon (Jensen & Ulleberg, 2019, s. 201). Det vart nemnt at alder, interesser og livserfaring spelte inn for at ei slik gruppe skulle fungere.

6.3.2 Maktforhold mellom innsette og tilsette

Når det gjeld dei i tilsette roller, kan ein kanskje sjå ein samanheng mellom maktstrukturar og openheit i samtalar? Fleire av informantane var inne på nettopp dette. Som fengselsbetjentar har dei tilsette ei institusjonell makt som er grunna i både lover og reglar, og relasjonen

mellom innsette og betjentar er tydeleg asymmetrisk (Jensen & Ulleberg, 2019, s. 201). Dette gir dei makt over dei innsette, både til korleis dei behandlar dei og korleis dei handterer informasjonen dei har om dei innsette. Betjentane er også dei som sitt med kunnskapen rundt kva lover og reglar som gjeld i eit fengsel, og dei har inngående kjennskap til kvifor kvar enkelt av dei innsette er der. Dei innsette har der imot liten tilgang til å få vite noko om kvar enkelt fengselsbetjent. Og medan dei tilsette er der i rolla som fengselsbetjentar, er dei innsette der som privatpersonar. Dette kan gjere at maktubalansen følast endå sterkare av dei innsette, då dei innsette er den svakare parten. Fleire av informantane, på si side, opplevde det som utrygt å opne seg til fengselsbetjentane, då dei i slike tilfelle ikkje lenger visste korleis informasjonen dei gav frå seg ville bli brukt. Ei rolle med eit så sterkt maktskilje som det er mellom fengselsbetjentar og innsett, let seg kanskje ikkje så lett kombinere med å legge til rette for opne og trygge samtalar? Som ein av informantane påpeikte, er det vanskeleg å opne seg for nokon som er tilsett for å passe på deg. På same tid kommenterte fleire av informantane at fleire av fengselsbetjentane var greie å småprate med, og i nokre tilfelle var det også til dømes kontaktbetjentar enkelte av dei følte dei kunne vere opne med.

Alle informantane følte dei kunne opne seg for fengselsprestane dersom dei sjølve hadde ønske om det. Noko av grunnen til dette, kan sjølvstund vere at dei som hadde valt å ikkje ha samtalar med fengselsprest ikkje vart spurt om å vere informant. Når vi ser på levekårsundersøkinga, er det berre 11% av dei innsette som seier dei har samtalar med fengselsprest eller andre religiøse leiarar (Revolv, 2014, s. 31). Det kunne vore interessant å vite kvifor dette talet er så lavt, og også betydeleg lågare enn talet som føler dei kan opne seg for kontaktbetjentar. Er det fordi dei ikkje har ønska å nytte seg av tilbodet om å prate med fengselsprest? Har ikkje presten hatt tid? Eller har ikkje det vore fengselsprest tilsett i alle fengsla der undersøkinga føregjekk? Kan det vere at dei som ikkje har tillit til fengselsbetjentane har desto større behov for å samtale med nokon andre, og då vel fengselspresten? Blant informantane i denne undersøkinga var det tydeleg i svara at fengselspresten hadde ei rolle som innebar tillit. Eide og Eide (2019, s. 26-27) er også inne på at somme yrkesroller lettare vekker tillit, og gjer at ein raskare torer å opne seg og vise sårbare sider ved seg sjølv. Dette er interessant med tanke på at også fengselspresten har ei rolle som er asymmetrisk i forhold til dei innsette. Det er naturleg å tenke at maktforholdet spelar inn også i denne relasjonen, men kanskje på ein annan måte enn hos fengselsbetjentar. Ein fengselsprest er tilsett av Den norske kyrkje og ikkje Kriminalomsorga, slik vi såg i

kapittel 1.3. Dette gjer også at fengselspresten ikkje innehar makt i forhold til lover, reglar og livet i fengselet på same måten som ein fengselsbetjent har. Nettopp det faktum at fengselspresten ikkje er tilsett av Kriminalomsorga, var noko fleire av informantane såg på som positivt. Det var godt å kunne samtale med nokon som kom utanfrå, og ekstra tillitsvekkande at dei ikkje var ein del av Kriminalomsorga og alt denne institusjonen stod for hos informantane. Dette gjorde også at dei kunne ta opp hos fengselspresten sider ved Kriminalomsorga dei ikkje var fornøgde med, utan å trenge å vere redde for kva som ville skje om dei klaga på noko. I ein asymmetrisk relasjon er fleire av desse trekka typiske (Jensen & Ulleberg, 2019, s. 201). Fengselsbetjentane er tilsette for å yte noko for dei innsette, og dei innsette er på si side avhengige av fengselsbetjentane i kvardagen i fengselet. Fengselsbetjentane er den sterke, og det asymmetriske forholdet gjer at fleire av dei innsette har vanskeleg for å stole på dei som representantar for Kriminalomsorga. Sidan fengselsbetjentane har moglegheit for å fordele og drage tilbake gode, kan dette også vere med å gjere det vanskeleg å klage om det er noko ein ikkje synast er slik det burde. Sjølv om fengselsprestane også er i ei rolle som tilsette, var fleire av informantane klare på at det utgjorde stor forskjell for dei om den dei skulle opne seg til var tilsett av Kriminalomsorga eller Den norske kyrkje.

Tausheitsplikta viste seg å heilt klart vere ein viktig komponent som mange av informantane drog fram. Ein fengselsbetjent kan rapportere vidare om innhald i samtalar, medan fengselsprestane har ei streng tausheitsplikt heimla i straffelova §211 (2005) som også inneber å ikkje røpe hemmelegheiter. Her ligg det slik ikkje berre eit moralsk ansvar for ikkje å misbruke makta ein har i relasjonen (Eide & Eide, 2019, s. 86-87), men det er også lovfesta. I ein kvardag prega av lover og reglar kan det kanskje vere endå viktigare for dei innsette at også tausheitsplikta er noko som er lovfesta?

Sjølv om levekårsundersøkinga (Revolv, 2014, s. 31) viser at det er få som har opne samtalar med fengselsprest, fortalde informantane her om ein generelt høgare tillit til fengselsprest enn til fengselsbetjentar på dette området. Grunna i både maktstrukturar og tausheitsplikt, er det fleire sider ved desse rollene som gjerne kan gjere det enklare å føle seg trygg nok til å opne seg for ein fengselsprest heller enn ein fengselsbetjent, og det er altså ikkje berre personlege eigenskapar som spelar inn.

6.3.3 Fængselsprestar i ei diakonal rolle

I søken etter kva som gjer at dei innsette opplever det trygt å prate med fængselspresten, kan det gjerne også vere aktuelt å sjå på om den diakonale rolla presten har i eit fængsel kan spele positivt inn. I dei fleste fængsel i Norge er det berre fængselsprest, og det er eit fåtal av fængsla som har fængselsdiakon tilsett (Den norske kirke, Sør-Hålogaland bispedømme, 2017). Ingen av informantane i denne undersøkinga hadde vore i fængsel med fængselsdiakon, men alle hadde hatt samtalar med fængselsprest. Vi kjem då tilbake til delar av sitatet frå innleiinga, der Wernø skriv om fængselspresten si rolle: «Hun skal i alle ting være en diakon, en som tjener mennesker, en som ser nøden og smerten, og som bryr seg» (Wernø, 2016, s. 302).

Diakoni kan også kallast kyrkja si omsorgsteneste (Den norske kyrkje, 2020). Å vere ein diakon som tener andre, ser når andre har det vondt, og som bryr seg, treff noko fleire av informantane var innom. Dei gav uttrykk for at det gjorde ein forskjell for dei at fængselspresten såg dei når dei hadde det tungt og vanskeleg, og brydde seg om dei. Dei la også merke til at dette gjaldt andre enn berre dei sjølve, og kommenterte som positivt at prestane var flinke til å sjå dei som hadde tyngre dagar. Det kom også fram at det vart sett pris på at fængselspresten kunne hjelpe til med anna enn berre samtale, til dømes hjelp til å kjøpe billetter eller forklare skjema som måtte utfyllast og liknande, då det ikkje alltid var like lett å spørje fængselsbetjentane om hjelp til slikt. Det kom også forslag om at dette gjerne var noko ein som prest eller diakon i fængsel kan bli endå betre på, og at det blir sett pris på om ein spør om det er noko dei innsette ein møter treng av praktisk hjelp.

6.4 Trygge tidspunkt

6.4.1 Tilgjengeleg i kriser

Kva tidspunkt er det viktig å vere tilgjengeleg for samtalar? Er nokon tidspunkt i soninga meir strategisk enn andre? Fleire av informantane var inne på at det var viktig fængselspresten var tilgjengeleg på det tidspunktet dei trengte nokon å samtale med. Spesielt vart starten på fængselsopphaldet nemnt som eit viktig tidspunkt av eit par av informantane, då ein kunne

føle seg sårbar og kjenne på skam, kombinert med å vere åleine og ikkje ha nokon å samtale med. Å bli sett i fengsel er nok for mange å gå gjennom ei krise. Ifølge Falk, er det første ein då må gjere å opprette kontakt gjennom merksemd og autentisk nærvær (Falk, 2016, s.15). Frå informantane kom det forslag om at presten burde gå innom alle nye på varetektsavdelinga for å helse på og tilby samtalar, noko som er i tråd med nettopp å opprette kontakt. Det kan vere vanskeleg å manøvrere gjennom ei krise åleine, og det kan vere til stor hjelp for dei innsette at dei veit om moglegheitene dei har medan dei er i fengsel. At fengselspresten tidleg introduserer seg sjølv og tilbodet om samtalar, kan derfor vere eit positivt tiltak for dei innsette i krise. Medan nokre av informantane fortalde dei raskt tok imot dette tilbodet, trengte andre tid før dei ville samtale med fengselspresten. Ved at fengselspresten stadig banka på for å tilby ein prat, hadde dei likevel opplevd eit autentisk nærvær og opplevd seg sett.

I samtalar med personar i krise, kan det vere freistande å ta over og tilby så mykje hjelp ein greier. Men ved å ta ansvar for nokon tek ein også ansvaret frå den som søker hjelp (Falk, 2016, s. 24). Fleire av informantane kunne gjerne tenkt seg å samtale med fengselsprestane så mykje som mogleg. Fordi fengselspresten faktisk ikkje har uavgrensa tid med kvar enkelt, må kvar enkelt ta ansvar for seg sjølve, og sjølve finne måtar å kome seg vidare på (Falk, 2016, s. 23). På same tid ser det ut til at det for informantane vart opplevd positivt å få tid saman med fengselspresten, då dette gav dei tid til å bli kjent, bli trygge til å opne seg, gi moglegheit for å prate om det dei eventuelt trengte å prate om, og ikkje minst også gi dei ei etterlengta pause frå kvardagen i fengselet.

6.4.2 Tilgjengeleg over tid

At fengselspresten presenterte seg og var tilgjengeleg i starten av soninga, var viktig for nokre av informantane. Men like viktig kunne det sjå ut til å vere at fengselspresten var tilgjengeleg over tid. Ein fast person og stabil relasjon gjorde det enklare å ta opp noko når ein trengte det. Sjølv om ikkje fengselspresten kunne vere der alltid, opplevde informantane likevel at dei kunne gi beskjed til fengselsbetjentane ved behov, og desse vidareformidla beskjeden til ein fengselsprest som så kom innom så fort det let seg gjere. Å sjølve be om ein samtale når dette trengst, kan ein også tenke seg er ein måte for dei innsette å sjølve ta ansvar for eigen

situasjon. At det er dei innsette sjølve som har regien på når dei vil samtale og om kva, gjer også noko med rammene for samtalen (Jensen & Ulleberg, 2019, s. 317-318). Dette kan nok påverke til dømes kor trygt det opplevast og om ein ønsker å dele noko ope og ærleg.

Gjennom å vere tilgjengeleg over tid, kan ein som fengselsprest også gi rom for den enkelte innsette og der den er i sin eigen prosess. Informantane gav uttrykk for at tidspunktet dei var klare for samtale med ein fengselsprest var ulikt. I nokre tilfelle trengte ein tid for seg sjølv før ein var klar for å samtale med nokon som helst. At fengselspresten er tilgjengeleg over lengre tid, gjer det mogleg å gi rom for dette. Fleire av informantane fortalde dei treng tid før dei opnar seg for nokon, og også dette er avhengig av at fengselspresten er ein fast person som over lengre tid blir kjent med dei innsette. Gjennom fengselsopphaldet kan det også oppstå ulike situasjonar ein treng å prate med nokon om, enten det er noko i fengselet eller noko som skjer med vennar eller familie utanfor fengselet sine portar. Ein fast fengselsprest gjer det lettare å kome med ønske om ein samtale dei gongane ein har spesielle behov.

6.4.3 Tid til den enkelte

Gjennom intervjuja kom det fram ønske om at fengselspresten kunne ta kontakt når ein var ny i fengselet og trengte nokon å prate med, og dei sette pris på at dei kunne tilkalle fengselspresten når det var noko spesielt dei hadde behov for å prate om. Men det kom også fram kor viktig det var for dei at fengselspresten faktisk hadde tid til å sjå kvar enkelt. Dette gjaldt ikkje berre når ein var nedfor og lei, men også i kvardagen. Å kunne slå av ein vanleg prat, le saman, kome med nye perspektiv på saker ein tenkte på, var alt noko som vart høgt verdsett av informantane. Aller helst skulle dei hatt mykje meir tid saman, men dei hadde også stor forståing for at i ein travel kvardag med mange innsette å vere prest for, så var allereie den tida dei fekk meir enn ein gjerne kunne forvente. Om så presten berre stakk hovudet innom for å seie hei, men ikkje rakk noko meir, vart også dette vesle glimtet sett pris på. Men informantane tenkte også på andre innsette som kanskje trengte meir, og syns det var dumt fengselsprestane hadde det så travelt som dei hadde det. Det kom både fram bekymring over at prestane kunne slite seg ut, og ønske om at Den norske kyrkje kunne tilsette fleire fengselsprestar.

Wernø skriv om viktigheita av å bruke tid saman med dei innsette (Wernø, 2016, s. 308). Gjennom å vere til stades og skape ein relasjon til dei innsette, kan fengselsprest eller fengselsdiakon vere med og vise den innsette at denne som person blir både verdsett og sett. Dette viser igjen i tilbakemeldingane frå informantane, då dei til dømes fortel om samtalan med fengselsprest som lysglimt i kvardagen og noko fleire av dei såg fram til. På informantane hadde desse samtalan heilt klart ein positiv verknad. Wernø fortel vidare at det å vere til stades kan skape håp hos dei innsette, og at dette også gjeld i situasjonar der ein ikkje har felles språk eller kultur (Wernø, 2016, s. 308). Intervjua med informantane viste at dette ikkje berre gjeld i tilfelle der ein ikkje har same kultur, men også der ein ikkje har same religion. Som oppgåve har fengselsprestane først og fremst å gjere teneste blant medlemmar av Den norske kyrkje, men også andre som ønsker det (Kriminalomsorga, u.å.a). Intervjua viste både at fleire ønskte det og at dette vart gjort. Dette er også noko Wernø er innom, i det ho skriv om fengselspresten si rolle: «Hun skal være prest for de kristne og være i dialog med dem som ellers ønsker det. Hun er samtalepartner med mange, også dem som av ulike årsaker ikke går i kirken, eller som har et annet livssyn» (Wernø, 2016, s. 302). Ikkje alle av informantane såg på seg sjølve som religiøse. Det kan likevel vere dei stod som medlemmar i Den norske kyrkje, då dette ikkje vart spurt om. Det som er sikkert er at ein av informantane var muslim, og han sette veldig pris på at fengselsprestane også tok seg tid til han sjølv om dei ikkje delte same religion.

6.5 Trygge samtalar

6.5.1 Det trygge mellomrommet

I svara informantane gav om trygge og opne samtalar, kan det sjå ut til at handlingane og haldningane til den dei skulle opne seg for var vel så viktige som orda. Det var få som nemnde noko spesielt som var sagt, sjølv om fleire drog fram at dei likte å få nye perspektiv utanfrå på sakene dei tok opp. Men fleire fortalde om fengselsprestar som såg dei og brydde seg, som hadde livserfaring og kunnskap. I sjelesorga kan ein kalle samspelet i relasjonen som oppstår mellom sjelesørgjar og konfident for mellomrommet (Okkenhaug, 2002, s. 39-40). I møtet mellom desse kjem dei begge med sine erfaringar, kunnskap, tankar og haldningar. Det er derfor viktig at sjelesørgjaren har sjølvinnsett og har arbeidd seg gjennom sine eventuelle

negative erfaringar eller haldningar knytt til konfidentane eller handlingane, og er seg bevisst på dette. Slik kan ein møte konfidenten med respekt og kjærleik.

Okkenhaug dreg fram historia om korleis Jesus møter den samaritanske kvinna som eit eksempel på korleis ein som sjelesørgjar også kan møte konfidentane. Jesus såg den samaritanske kvinna, og møtte henne med respekt og kjærleik, og viste ho merksemd og tillit. Slik vart kvinna også trygg nok til å opne seg og fortelje om dei skjulte sannheitene i sitt liv, og fekk oppleve at sannheita sette ho fri (Okkenhaug, 2002, s. 99). Her er parallellane store til slik informantane fortalde om samtalan med fengselsprestane. Dei gav alle tydeleg uttrykk for at dei ikkje ønska å opne opp om sårbare sider av livet til kven som helst, og dei trengte tid til å bygge opp ein relasjon og vurdere om personen var verdt å opne seg for. Men informantane fortalde alle om fengselsprestar som såg dei og som dei opplevde dei kunne stole på. Dette igjen førte til at dei opna seg for dei, i den grad dei ønska å opne seg for nokon, og fekk oppleve positive verknader av å vere ærlege om livet i trygge samtalar med nokon som såg dei.

6.5.2 Trygt nok for sårbart innhald

Når vi ser etter kva dei innsette i fengsel ser på som faktorar som gjer situasjonen trygg nok til å opne seg, kan det også vere interessant å sjå på kva dei ser på som innhald dei ønsker å prate om i slike samtalar. I intervjuet kom det fram ein del ikkje berre om settinga dei såg for seg for å kunne opne seg for nokon, men også kva ein slik samtale ville innehalde. Det informantane tok fram som innhald var eit stort spekter. Det viste seg å vere viktig med både småprat, kvardagsprat og humor, noko som også opna opp for meir sårbare tema når det var nødvendig. Kanskje kan viktigheita av dette ha samanheng med at dei fleste av informantane kommenterte at dei ikkje hadde for vane å opne seg for nokon, og det vart påpeikt at det å opne seg både kunne ta tid og var noko ein måtte øve seg på. Men også dei djupare samtalan romma mykje ulikt, og her var informantane mellom anna innom tema som oppvekst, familie og andre nære relasjonar, lovbroten som var gjort, korleis dei hadde det i fengsel, kriser som føregjekk på utsida av fengselet, tru, og vegen vidare etter fengselet.

Samtalane informantane hadde hatt med fengselsprest romma altså store deler av livet. Dette kan ein kanskje tenke seg spring ut frå den trinitarianske sjelesorga. Grunna i den første trusartikkelen, om ein allmechtig Gud som har skapt himmel og jord, legg den trinitarianske sjelesorga opp til at sjelesorgsamtalar skal kunne romme heile livet (Okkenhaug, 2002, s. 38). Medan nokon kanskje tenker at ein med ein fengselsprest eller fengselsdiakon berre kan ha samtalar som omhandlar tru, ligg det i sjelesorga ein tanke om å gå saman med dei ein har samtalar med, ta på alvor det dei er opptekne av og undre seg saman. Som sjelesørgjar kan ein bidra med å vere til stades, men eksperten på eige liv er det konfidenten sjølv som er (Farstad, 2016, s. 246). Når informantane fortel om samtalane dei har med fengselsprestane, er det i stor grad nettopp slik dei beskriv dei.

Nokre informantar har tidlegare hatt opplevingar av ein fengselsprest der samtalane handla for mykje om den kristne tru i forhold til kva dei sjølve ønskte. Fleire av dei nemnde at dersom ein fengselsprest eller fengselsdiakon ville forsøke å presse trua på dei, kunne dette føre til at dei ikkje ønskte fleire samtalar. Dette gjaldt også dei av informantane som sjølve var kristne, og derfor gjerne prata om den kristne tru. Kanskje kan dette vere eit bilde på kor viktig det er å la dei innsette sjølve få sette agendaen for samtalane og styre innhaldet i eige tempo og i den retninga ein sjølv vil. Dette betyr ikkje at ein ikkje har lov å prate om tru, men at det er dei innsette som vel om dei vil prate om det og når. Kanskje kan rolla som fengselsprest, rommet ein samtalar i, og ein innleiande samtale der ein fortel kven ein er og kva ein tilbyr av tenester, vere nok til at dei innsette veit det er ope for å prate om tru når dei er klare for det? Eller kanskje bør ein som fengselsprest spør spørsmål rundt den innsette si tru i staden for å presentere si eiga tru, med mindre den innsette sjølv legg opp til det? Dette treng ikkje vere til hinder for å vere tydeleg på kva ein sjølv står for, for det er inga overrasking for dei innsette at ein fengselsprest trur på Gud. Men informantane gav tydeleg uttrykk for at ein som fengselsprest bør passe på kor tidleg og korleis ein pratar om Gud i samtalane.

Basert på den andre trusartikkelen, legg ei trinitariansk tenking av sjelesorg opp til at menneske ikkje kan kome berre til ein fengselsprest eller fengselsdiakon, men at ein kan få kome til Gud med sitt liv (Okkenhaug, 2002, s. 38). I dette ligg også ein bodskap om at ein kan få tilgjeving for syndene sine, og bli frikjent og tilgitt av Gud sjølv (Nyhus, 2016, s. 283). Det er i denne samanheng interessant å notere at ingen av informantane var innom orda anger og tilgjeving i intervjuet. Om dette tyder på at dette ikkje er eit tema som opptek dei innsette,

om dei ikkje ønsker å prate om dette, eller om det berre var tilfeldig at dette ikkje vart nemnt av informantane, er vanskeleg å seie. Eit par av informantane fortalde at dei prata med fengselspresten om lovbroten dei hadde gjort som gjorde at dei hamna i fengsel. Ein av informantane fortalde også han var sint på seg sjølv i starten for det han hadde gjort. Ut frå dette kan ein kanskje tenke seg at dei angra på det som var gjort. Generelt var dette likevel eit tema som var kanskje overraskande lite oppe når informantane fortalde om tema for samtalan med fengselsprest.

6.5.3 Samtalar å føle seg trygg av

Med trygge samtalar som tema, kan det også vere interessant å sjå om det å opne seg for nokon har ein positiv verknad for dei innsette. Er det i det heile tatt vits i? Det var spennande, og til dels overraskande, å sjå kva informantane svarte på dette. Dei fleste kunne med ein gong fortelje korleis dei merka det på både kropp og sinn om dei hadde hatt ein open og ærleg samtale med nokon, og då gjerne med fengselspresten, medan dei sat inne. Dei fekk prate om det dei tenkte på, opne seg for nokon dei visste ikkje ville fortelje det vidare, fekk innspel frå nokon utanfrå og hadde ein stad å få ut både fortvilning, frustrasjon og bekymringar. Dei fortalde dei fekk legge av seg det dei bar på, og etterpå kjende dei seg rolegare og vart gladare.

Det kunne her vore interessant å vite kva fengselsprestar og innsette hadde sett som ramme og hensikt for samtalan (Jensen & Ulleberg, 2019, s. 319). Skal samtalan vere hovudsakleg ein stad der dei innsette kan få lov å opne seg og lette på sine tankar og bekymringar? Er det samtalar til trøyst og oppmuntring? Skal det vere noko som fører til ei utvikling hos den innsette, og slik også spele på lag med Kriminalomsorga sitt mål om å gjere dei innsette til gode borgarar gjennom fengselsstraffa (Nygård, 2016)? Er det eit mål for samtalan at dei innsette skal bli rolegare og gladare? Uansett kva hensikta for samtalan er og kor uttalt den er, kjem det gjennom intervju tydeleg fram at opne og ærlege samtalar har ein positiv verknad på informantane. Det kan sjå ut til at trygge situasjonar for opne samtalar i etterkant også fører til at dei innsette kjenner seg tryggare sjølve.

6.5.4 Samtalar med mål og meining

Sjølv om informantane fortalde mykje om korleis samtalane med fengselsprest gjorde kvardagen betre, kom det fram at i det store bildet var ikkje samtalane med fengselsprest berre noko dei ønskte skulle gi litt trøyst eller humor i kvardagen der og då. Det var samtalar som hadde mål og meining for informantane. Her var det rom for å kome med heile seg, noko vi gjerne kan tenke oss gir rom for både fortid, notid og framtid. Gjennom samtalane ønskte informantane å ta tak i tankane sine, få innspel frå nokon utanfrå, og dei fortalde det var godt å få prate ope og ærleg med nokon som hadde tausheitsplikt. Dette kan kanskje tyde på at dei opplever å bli møtt med aksept for den dei er? Falk skriv om denne aksepten som noko som er heilt avgjerande dersom det skal vere rom for vekst og endring hos den som søker hjelp eller samtalar. Dette betyr ikkje at ein treng å like eller godta alle karaktertrekk eller åtferd, men at ein tek til etterretning slik det trass alt er (Falk, 2016, s. 33-34).

Men det er ikkje berre aksept for kven ein er som er avgjerande, ifølge Falk. Ein må også sjølv akseptere verkelegheita og ta sin eigen natur på alvor dersom det skal vere håp om ekte endring (Falk, 2016, s. 33-34). Ein av informantane fortalde om kor viktig det var for han å vere ærleg og starte prosessen og samtalen rundt korleis kome seg vidare etter fengselsstraffa medan han framleis sat inne, for i fengselet har ein personar å prate med og eit hjelpeapparat ein kan nytte seg av på same tid som ein framleis er skjerma frå omverda. Dette gir eit inntrykk av at fengselsprestane sine samtalar med innsette ikkje berre er noko som gir eit lysglimt der og då, men også noko fleire av informantane sjølve har håp om kan føre til varig hjelp og endring i deira eige liv.

7 Avslutning

Eg har vald som struktureringsgrep trygge rom, trygge personar, trygge roller, trygge tidspunkt og trygge samtalar. Gjennom intervjuet var det interessant å sjå svare informantane gav rundt viktigheita av å kunne ha ope og ærlege samtalar med fengselsprest i fengselet. Det var tydeleg at informantane opplevde desse samtalane hadde ein positiv effekt både på kropp og sinn. Men for å kome dit var det nokre område som utmerkte seg som viktige bitar å ha på plass for å kunne legge til rette for ein situasjon der dei ønskte å opne seg, og desse kan

i stor grad oppsummerast i desse fem nemnde områda. Her er det både mange sider som, iallfall for informantane, allereie fungerer godt mellom dei innsette og fengselsprest, og det er rom for forbetring. Eg vil no kort vise korleis desse fem formene for «innramming» vart vektlagt i samtalene, som stadfesta av ulike teoriar.

Sjølvve rommet i seg sjølv kunne ha noko å seie når det kom til om ein opplevde det trygt nok til å opne seg. Fellesrommet var ikkje eigna til slike samtalar, då det var avgjerande at ein kunne ha ein slik samtale ein til ein. Både kontor, celle og kyrkjerom vart drege fram som moglege stader for ein djupare samtale. Fengselet dei noverande innsette blant informantane sat i, har eit livssynsrom som fekk svært positiv tilbakemelding. Dette rommet hadde ei stemning som gjorde ein kunne slappe av, og det var heller ikkje avlytta. Moglegheita for avlytting var noko som var avgjerande for fleire av informantane når det gjaldt ønsket om å opne seg. Nokre av dei stolte heller ikkje på at livssynsrommet ikkje var avlytta og ville derfor heller ha slike samtalar medan ein gjekk tur saman med fengselspresten på uteområdet. Det viste seg altså viktig å finne ein stad den enkelte innsette kjende seg trygg nok til å kunne opne seg, og avgjerande for dette var både stemninga rommet gav og moglegheita for om andre kunne lytte eller avlytte.

Også i fengselet er relasjonen mellom den innsette og samtalepartner, det vere seg fengselsprest, fengselsbetjent, fengselspsykolog eller frivillig, det mest avgjerande for eit vellykka resultat. Relasjonen må byggast opp over tid. Det var her positivt at fengselspresten var ein fast person, noko som gjer det enklare å bli kjent og vurdere om det er ein person ein ønsker å etter kvart vise sine meir sårbare sider til. Tillit er avgjerande, i tillegg til å ha ein kjemi og kome godt overeins. Ein må vere seg sjølv, og det er ein fordel med ein lun natur prega av godheit og bruk av humor. Det er også positivt å vise empati gjennom at ein ser den enkelte innsette og bryr seg om dei. Sjølv om mykje av dette kan vere ein del av personlegdomen til den enkelte, kan ein også som fengselsprest eller fengselsdiakon utvikle til dømes den kognitive empatien gjennom å innhente større kunnskap rundt menneskelege forhold og reaksjonar som er relevante for gruppa personar ein arbeider blant.

Det er ikkje nok berre å ha personlege trekk som gjer ein lett å samtale med. Rolla ein har er også avgjerande. Dei færreste av informantane ønska å opne seg for andre innsette, sjølv om det i konstruerte samtalegrupper kunne fungere godt. Sjølv om det er mange dyktige

fengselsbetjentar som kan vere gode å snakke med, gjer maktstrukturane at det for fleire av informantane viste seg lettare å opne seg for nokon tilsett i Den norske kyrkja i staden for nokon tilsett av Kriminalomsorga. Den institusjonelle makta, som gir moglegheit for avlytting og at informasjon blir delt tilsette imellom utan at den innsette veit kva som blir sagt, gjer det vanskelegare for fleire av dei innsette å opne seg i ærlege samtalar med fengselsbetjentane. Tausheitsplikta som fengselspresten har var ein svært avgjerande faktor for å legge til rette for opne og ærlege samtalar, og fleire opplever også at fengselspresten kanskje er den einaste personen ein kan opne seg for i eit fengsel og vite at innhaldet i samtalen ikkje går vidare og ut av deira kontroll.

Tid var noko informantane skulle ønske fengselsprestane hadde mykje meir av, og det kom forslag om at Den norske kyrkje kunne tilsette fleire fengselsprestar. Dette kan ein gjerne også spele inn som eit forslag om at fleire diakonar burde bli tilsett i fengsel, då det er nettopp endå meir tid til samtalar og å bry seg om den enkelte som blir etterlyst. Å bli sett av tid til viser den enkelte innsette at ein blir både verdsett og sett. Det kan slik vere verdifullt med all den tid ein kan få saman, og det kom også ønske om at fengselspresten oftare kunne ta seg tid til å spørje om den innsette trengte noko praktisk hjelp. Samtidig viste tid seg å vere ekstra kritisk når det oppstår ei krise, noko som generelt gjeld for alle i det dei kjem nye inn i fengselet, og det vart sett pris på moglegheita for å raskt få samtalar ved andre kriser som oppstår undervegs i fengselsopphaldet.

For å legge til rette for trygge samtalar med fengselspresten, var det grunnleggande at tilbodet var kjent og at dei innsette visste kven dette var. Det kan derfor vere positivt at presten har rutine på å gå innom alle nye på varetektsavdelinga, helse på desse og gjere kjent kvifor han er der. At fengselspresten stadig banka på og helste på kunne også bli oppfatta som positivt, sjølv i dei tilfella der den innsette ikkje var klar for å ta imot nokon samtale. Alt dette la til rette for at tilbodet og personen var godt kjent den dagen den innsette var klar for eller ønskte ein samtale. Desse samtalane kunne gjerne omhandle kvardagslivet, og det var positivt å kunne le saman. Slik får ein også bygd ein relasjon som gjer det mogleg å ta opp dei nærare temaa når tida er inne. Dette kunne omhandle familie og nære relasjonar, barndom, bekymringar, livet i fengselet og livet utanfor fengselet. Gjennomgåande var at desse samtalane hadde ein positiv effekt både på kropp og sinn hos dei innsette, då dei både fekk

lagt av seg bekymringar, fekk nye perspektiv på saker, og vart i etterkant både rolegare og gladare.

Samtalar med fengselsprest gir dei innsette moglegheit til å sortere tankar, arbeide seg gjennom vonde opplevingar, få nye innspel utanfrå, få ut frustrasjon og legge av seg bekymringar. At dei innsette opplever å bli rolegare og gladare, og opplever mindre tankekøyr og bekymringar, av å ha opne og ærlege samtalar med fengselsprestane, var eit funn eg ikkje utan vidare hadde forventa. Kanskje hadde eg i staden førestilt meg å her få nokre tankar om anger og at det var godt å oppleve tilgiving. At informantane i så stor grad kunne fortelje om ei ro, og ofte også glede, dei fekk gjennom desse samtalanene, er noko eg tenker ein bør ta med seg vidare når ein vurderer om ein bør prioritere å legge til rette for slike samtalar for innsette. Intervjua viste også at fleire av informantane brukte samtalanene meir eller mindre bevisst som eit rom for eigen vekst og endring. Dette kan tyde på at å legge til rette for trygge samtalar der dei innsette kan vere opne og ærlege, er noko som kan tene den enkelte ikkje berre der og då, men også i det lengre løp.

Som vist både i kapittel 5 og 6 er det nokre tema som i liten grad var oppe i samtalanene eg hadde med informantane, særleg anger og tilgiving. Også skam vart tematisert av relativt få av informantane. Eg har reflektert rundt dette. Som moglege forklaringar fann eg sjølve spørsmålsstillinga, at det finst andre arenaer, at skamlausheit faktisk er ein realitet for nokre, og i tillegg at fengselspresten ikkje pressar fram slike tema i samtalanene. Med tanke på behov for å faktisk få tilgiving er det overraskande at desse temaa ikkje vert løfta fram av fleire.

Uansett syner mine funn at fengselsprestane ikkje har ein kommunikasjon som handlar om å bringe fram vonde og vanskelege tema, men heller vere ein likeverdige samtalepartner. Dette inneber at fengselspresttenesta i praksis fungerer inkluderande, også for personar med anna tru eller inga tru. Samtidig er det overraskande, som vist i levekårsundersøkinga, at berre 11% har samtaler med fengselsprest, som vist i kapittel 6.3.2. Forklaringa kan også vere at det i Den norske kyrkja totalt er tilsett 23 fengselsprestar, slik at ikkje alle fengsel har ein fast tilsett fengselsprest.

Gjennom å vere til stades i ei tenande rolle, vise omsorg, respekt og kjærleik, kan Den norske kyrkje få vere med å gi håp til dei innsette. Slik Jesus såg den samaritanske kvinna, møtte ho

med tillit, respekt og merksemd, og på den måten også la til rette for at ho kunne få opne opp om sårbare og vanskelege sider ved livet, kan vi også få bruke dette som forbilde når det gjeld å legge til rette for opne og ærlege samtalar med innsette i fengsel. Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste, og gjennom djupe samtalar og kvardagsprat, humor og empati, kjærleik og respekt, godheit og aksept, kan samtalaner romme heile dei innsette sine liv – enten ein utfører den diakonale tenesta som fengselsprest eller diakon.

8 Litteraturliste

Aadland, F.R. (2016). Får livet snudd opp-ned med retreat. *Lys og liv* (nr. 4/16) (s. 8-10).

https://www.mf.no/sites/mf/files/users/Dokumenter/Om_MF/Lys_og_liv/2016/loI_lowres_4-16.pdf

Assev, M. (2008, 27. feb.). Trosfriheten sperres ute. *Aftenposten*.

<https://www.aftenposten.no/norge/i/04yAG/trosfriheten-sperres-ute>

Dalland, O. (2020). *Metode og oppgaveskriving* (7. utg.). Gyldendal Akademisk

Den norske kirke, Sør-Hålogaland bispedømme. (2017, 2. mai). *Bodø fengsel har fått fengselsdiakon*. <https://kirken.no/nb-NO/bispedommer/sor-hologaland/nyhetsarkiv/fengselsdiakon-innsatt/>

Den norske kirke. (2019). *Årsrapport 2018*. Kirkerådet.

<https://kirken.no/globalassets/kirken.no/aktuelt/filer-2019/arsrapport%202018%20den%20norske%20kirke.pdf>

Den norske kirke. (2020). *Plan for diakoni*. (rev. utg. 2020). Den norske kirke.

https://ressursbanken.kirken.no/contentassets/74595229021f433b9e5541f654bfa353/plan-for-diakoni_rev2020.pdf

Det Norske Diakonforbund. (2014). *Yrkesetiske retningslinjer for diakoner*. Det norske diakonforbund.

https://www.diakonforbundet.no/images/Yrkesetiske_retningslinjer_diakoner.pdf

Engedal, Leif Gunnar (2011): Fra fengselscelle til pilegrimsvei. En empirisk undersøkelse av innsattes pilegrimserfaringer. *Halvårsskrift for Praktisk Teologi*, (2), 59-73

Ersland, B.A. (2010). *Fengslet. En bok om å sitte inne*. Omnipax

Falk, B. (2016). *Å være der du er. Oppmerksomhet, grenser og kontakt i den hjelpende samtalen* (2. utg.). Fagbokforlaget.

Farstad, M. (2016). *Skam: eksistens, relasjon, profesjon*. Cappelen Damm AS

Feyling, R. (2001). *Tro og liv i fengsel og frihet*. Institutt for kriminologi, Universitetet i Oslo.
<https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/22532/feyling.pdf?sequence=1&isAllowed=y>

Forvaltningsloven. (1967). Lov om behandlingsmåten i forvaltningsloven. (LOV-1967-02-10). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1967-02-10>

Furseth, I. (2013). The Ambiguity of Secular and Religious Space: The Norwegian Penitentiary System. I van den Breemen, R., Casanova, J. & Wyller, T. (Red.), *Secular and Sacred? The Scandinavian Case of Religion in Human Rights, Law and Public Space* (s. 152-169). Vandenhoeck & Ruprecht

Gravås, R.K., Velund, R. (2008). *Samtaler om tilgivelse: En narrativ studie om fenomenet selvtilgivelse hos innsatte og tidligere innsatte*. Psykologisk institutt, Universitetet i Oslo.
<https://www.duo.uio.no/handle/10852/38278>

Harboe, A.N. (2016). Håpet om fellesskap: Om menneskeverdets betydning for sjelesørgerisk praksis. *Tidsskrift for sjelesorg*, (4), 285-298.

Johannessen, A., Tufte, P.A. & Christoffersen, L. (2016). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode* (5. utg.). Abstrakt Forlag

Kaasa, K. M. (2000, 25. nov.). Vil ha fengselsimam. *Dagbladet*.
<https://www.dagbladet.no/nyheter/vil-ha-fengselsimam/65665427>

Kaufman, T.S. (2017). Old Practices in New Places: Breaking Violence through Ignatian Exercises in a Swedish Maximum Security Prison. *Spiritus: A Journal of Christian Spirituality* 17(1) (s. 19-39). John Hopkins University Press

Klyve, A. (2016). *Sinte, unge, villfarne menn. Vårt medansvar*. Fagbokforlaget.

Kriminalomsorgen. (u.å.a). Religion og livssyn. Kriminalomsorgen. Henta 4. februar 2021 frå <https://www.kriminalomsorgen.no/religion.527950.no.html>

Kriminalomsorgen. (u.å.b) Soning for kvinner. Kriminalomsorgen. Henta 12. september 2021 frå <https://www.kriminalomsorgen.no/kvinnefengsler.518722.no.html>

Kriminalomsorgen. (u.å.c). Straff i fengsel. Kriminalomsorgen. Henta 12. september 2021 frå [Straff i fengsel - Kriminalomsorgen.no](https://www.kriminalomsorgen.no/straff-i-fengsel)

Kyrkerådet (2018). Sak KR/68/18, Statsbudsjettet 2020 – Satsingsområder og ressursbehov for Den norske kirke.

Løgstrup, K. E. (1999). *Den etiske fordring*. Cappelen Forlag. (Utk. første gong 1956)

Meld. St. 39 (2020-2021). *Kriminalomsorgsmeldingen – fremtidens kriminalomsorg og straffegjennomføring*. Regjeringa. <https://www.regjeringen.no/contentassets/86e5b47b2b1a4c91a4f68be3153177b6/no/pdfs/stm202020210039000dddpdfs.pdf>

NESH. (2016). *Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi*. De nasjonale forskningsetiske komiteene. <https://www.forskningsetikk.no/retningslinjer/hum-sam/forskningsetiske-retningslinjer-for-samfunnsvitenskap-humaniora-juss-og-teologi/>

Nygård, K. (2016). Fængslet som magtrum: En fænomenologisk undersøgelse af sjælesorgens rum i et fængsel. *Tidsskrift for sjelesorg*, (4), 313-324.

Nyhus, K.A. (2015). *Hvis jeg har en sjel. Fortellinger fra klosteret i fengselet*. Vårt Land Forlag.

Nyhus, K.A. (2016). «Når jeg ser meg selv, oppdager jeg de andre»: Om rehabilitering i Kriminalomsorgen. *Tidsskrift for sjelesorg*, (4), 269-284.

Okkenhaug, B. (2002). *Når jeg ser ditt ansikt: innføring i kristen sjelesorg*. Verbum.

Ot.prp. nr. 90 (2003-2004). *Om lov om straff (Straffeloven)*. Regjeringa.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/otprp-nr-90-2003-2004-/id179300/?ch=2>

Revolv, M. K. (2014). *Innsattes levekår2014. Før, under og etter soning*. Statistisk Sentralbyrå. Henta frå <https://www.ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/artikler-og-publikasjoner/attachment/244272?ts=150b8c1bce0>

Rise, S. (2020). *Forsoning, forløsning, forandring: En kvalitativ undersøkelse av det moderne menneskets møte med ignatiansk spiritualitet*. VID vitenskapelige høyskole.

<https://retreater.no/file/1forsoning-forlosning-forandring-masteroppgave-solvi-rise-1.pdf>

Rønningen, I. (2019). *Samtale og musikkterapi i fengsel. En kvalitativ studie om hvordan to musikkterapeuter bruker samtale med innsatte i forbindelse med musikkterapi i fengsel*.

Griegakademiet, Institutt for musikk, Universitetet i Bergen. <https://bora.uib.no/bora-xmloi/bitstream/handle/1956/20212/Masteroppgave-Ida-R-nningen.pdf?sequence=1>

St.meld. nr 37 (2007-2008). *Straff som virker – mindre kriminalitet – tryggere samfunn (kriminalomsorgsmelding)*. Regjeringa. <https://www.ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/artikler-og-publikasjoner/attachment/244272?ts=150b8c1bce0>

Straffegjennomføringsloven. (2001). Lov om gjennomføring av straff mv. (LOV-2001-05-18-21). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2001-05-18-21>

Straffeloven. (2005). Lov om straff. (LOV-2005-05-20-28). Lovdata. https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-05-20-28/*#*

Tjenesteordning for fengselsprester. (2016). Tjenesteordning for fengselsprester. (FOR-2016-04-11-1813). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/INS/forskrift/2016-04-11-1813>

Universitetet i Bergen. (2018, 04. januar). *Disputas: Marianne Frøystad Walderhaug – filosofi*. Universitetet i Bergen. <https://www.uib.no/fof/113760/disputas-marianne-fr%C3%B8ystad-walderhaug-filosofi>

Vilnes, M. (Red.). (2020). *God å snakke med. Fra hverdagsproblemer til samtaler som redder liv*. Frisk Forlag.

Wernø, K. (2016). Sjelesorg bak murene: Mitt møte med kvinner fra ulike trostradisjoner. *Tidsskrift for sjelesorg*, (4), 299-310.

Vil du delta i forskingsprosjektet

”Diakonale samtalar i fengsel”?

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt der formålet er å undersøke kva som gjer at innsette i fengselet ønsker å opne seg i samtalar med andre generelt, og tilsette i Den norske kyrkje spesielt. I dette skrivet gir vi deg informasjon om måla for prosjektet og kva deltakinga vil innebære for deg.

Formål

Intervjua som skal gjerast er ein del av ei masteroppgåve i faget diakon. Den foreløpige problemstillinga på oppgåva er: «*Kva beskriv innsette og tidlegare innsette som viktig for å få til ein open og ærleg samtale i fengsel, og kva kan gjerast for å legge betre til rette for dette?*». I samband med denne har eg tre moglege informantgrupper: innsette, tidlegare innsette, og fengselsprestar/-diakonar (nokre fengsel har diakonar, men dei fleste har berre prestar). Det er ikkje sikkert alle gruppene vil bli intervjuet, men eg vil gjerne ha informantar frå minst to av gruppene. Masteroppgåva skal etter planen vere ferdig seinast våren 2022.

Formålet med oppgåva er å undersøke kva som kan gjere det enklare for innsette å opne seg for nokon medan dei er i fengsel, og spesielt inn imot kva tilsette i Den norske kyrkje (som fengselsprest/-diakon) kan gjere for å legge til rette for dette. Eg trur alle treng nokon ein kan snakke ærleg om livet med, og i kvardagen i fengselet har ein gjerne ikkje dei vanlege folk rundt seg. På same tid opplever kanskje somme at ein i fengselet må vere litt ekstra på vakt om kva ein deler med andre innsette og/eller tilsette. Då tenker eg det vil vere endå viktigare at der er nokon andre ein kan snakke med. Fungerer fengselspresten/-diakonen slik? Kan vi legge endå betre til rette for dette? Og gjer det noko med oss når vi tør å opne oss for nokon? Dette er spørsmål eg håper å undersøke gjennom intervjua og arbeidet med masteroppgåva.

Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?

VID vitenskapelige høgskole er ansvarlig for prosjektet, i samarbeid med MF vitenskapelige høgskole.

Kvifor får du spørsmål om å delta?

Dersom du får spørsmål om å delta, er det fordi du enten er innsett, tidlegare innsett eller fengselsprest/-diakon.

- Utvalet av innsette er nokre (gjerne 5-6) innsette frå eit gitt fengsel i Agder. Utvalet er bestemt ut ifrå at ein har hatt minst éin samtale med fengselsprest, og at ein kan svare på spørsmåla (f.eks. pratar norsk). Tilsette i fengselet, saman med fengselsprest, hjelper til å velje ut kven som blir spurt om å delta.
- Tidlegare innsette er nokre (gjerne 2-4) brukarar/tidlegare brukarar av tenester i [REDACTED]. Desse blir valt ut i samarbeid med tilsette der, evt. av tidlegare fengselsprest.
- Fengselsprestar, og eventuelt fengselsdiakonar, blir valt ut på bakgrunn av stilling og stad. Først og fremst blir tilsette i Agder spurt, og dersom behov kan også nokre frå andre stader i landet få spørsmål om å delta.

Kva inneber det for deg å delta?

- Om du vel å delta i undersøkinga, inneber det at du svarar på spørsmål i eit intervju enten munnleg eller skriftleg, noko som vil ta ca. 30 minutt. Spørsmåla går i hovudsak ut på kva som skal til for å tørre å opne seg, kven i fengselet ein kan opne seg for, og om det er noko meir vi frå kyrkja kan gjere. Eg er altså ikkje ute etter at du skal tørre å opne deg for meg, men å høyre kva som gjer at du ønsker å opne deg for andre.
- Måten intervjuja blir gjennomførte på vil bli gjort med tanke på smittevern. Dette gjer at intervjuja fortrinnsvis vil bli gjort gjennom telefon eller e-post.
- Dersom du er *innsett i fengsel*, vil intervjuja bli gjennomført gjennom telefon. Eg vil då bruke ein lydopptakar utan nettilgang for å ta opp samtalen. Intervjuja blir så skrivne inn på data og anonymisert. Lydopptaka vil bli forsvarleg oppbevart, og når oppgåva er ferdig vil lydopptaka bli sletta. I fengselet vil dei la deg skrive under på eit

samtykkeskjema som blir oppbevart der. Eg treng derfor ikkje å vite kven eg snakkar med, og du deler berre det du sjølv ønsker.

- Dersom du er *tidlegare innsett* vil intervjuet bli gjort enten munnleg (gjerne gjennom telefon) eller gjennom e-post. Dersom munnleg, vil eg bruke ein lydopptakar utan nettilgang for å ta opp intervjuet. Dei blir så skrivne inn på data og anonymisert. Lydopptaka vil bli forsvarleg oppbevart, og når oppgåva er ferdig vil lydopptaka bli sletta. Dersom e-post vil svare bli gjennomgått igjen og evt. anonymiserast meir før dei blir lagra på data. E-postkorrespondansen vil bli sletta når oppgåva er ferdig.
- Dersom du er *fengselsprest/-diakon*, vil du få spørsmåla på e-post og svare på dei elektronisk. Svare vil så bli gjennomgått igjen og evt. anonymiserast meir før dei blir lagra på data. E-postkorrespondansen vil bli sletta når oppgåva er ferdig.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekke samtykket tilbake utan å oppgi nokon grunn. Alle dine personopplysningar vil då bli sletta. Det vil ikkje ha nokon negative konsekvensar for deg viss du ikkje vil delta eller seinare vel å trekke deg.

Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og bruker dine opplysningar

Vi vil berre bruke opplysningane om deg til formåla vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandlar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

- Dei einaste som vil ha tilgang til opplysningane er eg som student (utanom samtykkeskjema for dei i fengsel), og ved behov for hjelp vil min vegleiar ved VID vitenskapelige høyskole kunne få delvis innsyn.
- Namn vil ikkje bli oppbevart saman med dei transkriberte og anonymiserte intervjuet. Dette vil også seie at samtykka ikkje vil bli oppbevarte saman med desse.
- All data vil bli oppbevart passordbeskytta eller forsvarleg sikra frå innsyn.
- For innsette i fengsel blir personopplysningar i samtykkeskjemaet oppbevart i fengselet, og eg vil som intervjuar ikkje ha tilgang til desse.

- Alle intervju blir anonymiserte. Det vil vel og merke kunne kome fram i oppgåva kva gruppe som har svart kva, altså om det er innsette, tidlegare innsette eller fengselsprest/-diakon.

Kva skjer med opplysningane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?

Opplysningane anonymiserast når prosjektet avsluttast/oppgåva er godkjent, noko som etter planen er seinast våren 2022. E-postkorrespondanse og lydopptak blir då sletta.

Dine rettigheter

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva personopplysningar som er registrert om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysningane,
- å få retta personopplysningar om deg,
- å få sletta personopplysningar om deg, og
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av dine personopplysningar.

Kva gir oss rett til å behandle personopplysningar om deg?

Vi behandlar opplysningar om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag frå VID vitenskapelige høgskole har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Kvar kan eg finne ut meir?

Viss du har spørsmål til studien, eller ønsker å benytte deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

- VID vitenskapelige høgskole ved professor Hans Morten Haugen (e-post: hans.morten.haugen@vid.no), eller ta kontakt med student Linda Slyngstad (e-post: lindaslyngstad@gmail.com). Du kan også sende e-post til personvernombud@vid.no.

Viss du har spørsmål knytt til NSD si vurdering av prosjektet, kan du ta kontakt med:

- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS på e-post (personverntjenester@nsd.no) eller på telefon: 55 58 21 17.

Med vennleg helsing

Hans Morten Haugen

Linda Slyngstad

Prosjektansvarlig

Student

(Vegleiar)

Samtykkeerklæring

Eg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet «Diakonale samtalar i fengsel», og har fått anledning til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i intervju via telefon
- å delta i intervju via e-post

Eg samtykker til at mine opplysningar behandlast fram til prosjektet er avslutta

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

Vedlegg 2: Intervjuguide for tidlegare innsette

Intervjuguide for tidlegare innsette

1. Kan du beskrive korleis ein trygg situasjon ville sett ut for deg viss du skulle hatt ein open og ærleg samtale med nokon i fengselet?
2. Kor ofte brukte du å ha samtale med fengselspresten/-diakonen?
3. Kva gjorde at du ønska å ha samtalar med han/henne?
4. Kva skulle til for at du ville ha fleire samtalar med han/henne?
5. Kva kunne gjere at du ikkje ønskte fleire samtalar?
6. Kva ønskte du å få ut av samtalanane?
7. Kva skulle til for at du ville opne deg på eit personleg plan for nokon i fengselet?
8. Kva gjorde det vanskeleg å opne seg?
9. Kva gjorde det lettare å opne seg?
10. Er det forskjell på å opne seg for nokon du veit er tilsett i Den norske Kyrkje i forhold til nokon som er tilsett av Kriminalomsorga?
11. Var det andre i fengselet du kunne opne deg for på same måte?
12. Var det andre frivillige som kom regelmessig på besøk og som du kunne samtale med?
13. Kva gjorde det med deg når du torde å opne deg for nokon?
14. Kva var typiske tema du ønskte å prate om?
15. Korleis kan vi legge betre til rette for at innsette føler det trygt saman med fengselsprest/-diakon?
16. Korleis kunne desse på best mogleg måte vere der for deg medan du var i fengsel?
17. Var det noko meir du skulle ønske blei tilbydd frå kyrkja enn det du fekk då du var der?
18. Til slutt: Kva ville vore det beste med å ha ein open og ærleg samtale med nokon medan du var i fengsel?

Vedlegg 3: Intervjuguide for innsette

Intervjuguide for innsette

1. Kan du beskrive korleis ein trygg situasjon ser ut for deg viss du skal ha ein open og ærleg samtale med nokon i fengselet?
2. Kor ofte brukar du å ha samtale med fengselspresten/-diakonen?
3. Kva gjer at du ønsker å ha samtalar med han/henne?
4. Kva skal til for at du ønsker å ha fleire samtalar med han/henne?
5. Kva kan gjere at du ikkje ønsker fleire samtalar?
6. Kva ønsker du å få ut av samtalanane?
7. Kva skal til for at du har lyst å opne deg på eit personleg plan for nokon her i fengselet?
8. Kva gjer det vanskeleg å opne seg?
9. Kva gjer det lettare å opne seg?
10. Er det forskjell på å opne seg for nokon du veit er tilsett i Den norske Kyrkje i forhold til nokon som er tilsett av Kriminalomsorga?
11. Er det andre i fengselet du kan opne deg for på same måte?
12. Er det andre frivillige som kjem regelmessig på besøk og som du kan samtale med?
13. Kva gjer det med deg når du torer å opne deg for nokon?
14. Kva er typiske tema du ønsker å prate om?
15. Korleis kan vi legge betre til rette for at innsette føler det trygt saman med fengselsprest/-diakon?
16. Korleis kan desse på best mogleg måte vere der for deg medan du er i fengsel?
17. Er det noko meir du skulle ønske blei tilbydd frå kyrkja enn det du får her i dag?
18. Til slutt: Kva er det beste med å ha ein open og ærleg samtale med nokon her i fengselet?

Vedlegg 4: Godkjenning frå NSD

Melding

12.02.2021 09:50

Behandlingen av personopplysninger er vurdert av NSD. Vurderingen er:

Det er vår vurdering at behandlingen vil være i samsvar med personvernlovgivningen, så fremt den gjennomføres i tråd med det som er dokumentert i meldeskjemaet den dagens dato med vedlegg, samt i meldingsdialogen mellom innmelder og NSD.

NSD sin vurdering forutsetter at godkjenning fra kriminalomsorgen før datainnsamlingen starter.

MELD VESENTLIGE ENDRINGER

Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å melde dette til NSD ved å oppdatere meldeskjemaet. Før du melder inn en endring, oppfordrer vi deg til å lese om hvilke type endringer det er nødvendig å melde: nsd.no/personverntjenester/fylle-ut-meldeskjema-for-personopplysninger/melde-endringer-i-meldeskjema

Du må vente på svar fra NSD før endringen gjennomføres.

TYPE OPPLYSNINGER OG VARIGHET

Prosjektet vil behandle alminnelige personopplysninger og personopplysninger om straffedommer og lovovertrедelser frem til 30.06.2022.

LOVLIG GRUNNLAG

Prosjektet vil innhente samtykke fra de registrerte til behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at prosjektet legger opp til et samtykke i samsvar med kravene i art. 4 nr. 11 og 7, ved at det er en frivillig, spesifikk, informert og utvetydig bekreftelse, som kan dokumenteres, og som den registrerte kan trekke tilbake.

For alminnelige personopplysninger vil lovlig grunnlag for behandlingen være den registrertes samtykke, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 a.

For personopplysninger om straffedommer og lovovertrедelser vil lovlig grunnlag for behandlingen være den registrertes uttrykkelige samtykke, jf. art 9 nr. 2 bokstav a, jf. art. 10, jf. personopplysningsloven §§ 11 (1) og 11 (2) bokstav a.

TAUSHETSPLIKT

Utvalg 3 har taushetsplikt som fengselsprester. Intervjuene må gjennomføres uten at det fremkommer opplysninger som kan identifisere insatte eller enkelt saker.

PERSONVERNPRINSIPPER

NSD vurderer at den planlagte behandlingen av personopplysninger vil følge prinsippene i personvernforordningen:

- om lovlighet, rettferdighet og åpenhet (art. 5.1 a), ved at de registrerte får tilfredsstillende informasjon om og samtykker til behandlingen
- formålsbegrensning (art. 5.1 b), ved at personopplysninger samles inn for spesifikke, uttrykkelig angitte og berettigede formål, og ikke viderebehandles til nye uforenlige formål
- dataminimering (art. 5.1 c), ved at det kun behandles opplysninger som er adekvate, relevante og nødvendige for formålet med prosjektet
- lagringsbegrensning (art. 5.1 e), ved at personopplysningene ikke lagres lengre enn nødvendig for å oppfylle formålet.

DE REGISTRERTES RETTIGHETER

NSD vurderer at informasjonen om behandlingen som de registrerte vil motta oppfyller lovens krav til form og innhold, jf. art. 12.1 og art. 13.

Så lenge de registrerte kan identifiseres i datamaterialet vil de ha følgende rettigheter: innsyn (art. 15), retting (art. 16), sletting (art. 17), begrensning (art. 18) og dataportabilitet (art. 20).

Vi minner om at hvis en registrert tar kontakt om sine rettigheter, har behandlingsansvarlig institusjon plikt til å svare innen en måned.

FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER

NSD legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1. f) og sikkerhet (art. 32).

For å forsikre dere om at kravene oppfylles, må prosjektansvarlig følge interne retningslinjer/rådføre dere med behandlingsansvarlig institusjon.

OPPFØLGING AV PROSJEKTET

NSD vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Lykke til med prosjektet!

Kontaktperson hos NSD: Kajsa Amundsen
Tlf. Personverntjenester: 55 58 21 17 (tast 1)

Vedlegg 5: Godkjenning frå Kriminalomsorga

Professor Hans Morten Haugen

VID vitenskapelige høgskole

hans.morten.haugen@vid.no

Deres ref:

Vår ref:
202100397-8

Dato:
07.04.2021

SVAR PÅ SØKNAD OM ADGANG TIL Å REKRUTTERE INNSATTE TIL FORSKNINGSPROSJEKTET "DIAKONALE SAMTALAR I FENGSEL"

Det vises til søknad av 29.3.2021 med vedlegg fra Linda Helen Slyngstad, om tillatelse til å rekruttere innsatte til forskningsprosjektet «Diakonale samtalar i fengsel».

Bakgrunn og formål

Linda Helen Slyngstad er masterstudent ved VID vitenskapelige høgskole i Oslo. Hun skal skrive en masteroppgave i faget diakoni, der hun ønsker å intervju 6 innsatte i Agder fengsel [REDACTED]

Søkeren er utdannet sosionom, og har jobbet som diakoniarbeider i Den norske kirke. Hun hadde praksisperiode i masterstudiet i Kirkens bymisjon i Kristiansand og Kristiansand fengsel, [REDACTED]

Formålet med oppgaven er å undersøke hva som kan gjøre det enklere for innsatte å åpne seg for noen mens de er i fengsel, og spesielt inn mot hva ansatte i Den norske kirke, som fengselsprest eller diakon, kan gjøre for å legge til rette for dette.

Problemstilling

Problemstillingen for masteroppgaven er: «Kva beskriv innsette og tidlegare innsette som viktig for å få til ein open og ærleg samtale i fengsel?»

Bekreftelse fra faglig veileder

Det foreligger bekreftelse om veiledning fra professor Hans Morten Haugen ved VID vitenskapelige høgskole i Oslo.

Det er foruten bekreftelse fra faglig veileder fremlagt prosjektbeskrivelse, utkast til masteroppgave med teoridel og metodedel, informasjonsskriv til deltakere, intervjuguide, samtykkeerklæring og godkjenning fra NSD.

Metode

Om metode skriver søkeren blant annet følgende: «Til mi oppgåve har eg valt å bruke kvalitativ metode og ein-til-ein intervju. Som forskingsdesign ligg dette i det fenomenologiske landskapet. Personane eg skal intervjuer får fortelje si subjektive mening rundt ein gitt situasjon, og korleis dei

oppfattar dette. Kva dei fortel kan vere ulikt, sidan ein situasjon kan opplevast individuelt basert på både bakgrunn, interesser og forståing (Johannessen et al., 2016, s. 78).»

Regelverk

Kriminalomsorgens adgang til å behandle søknader om forskning reguleres av Rundskriv G-07/2007, Retningslinjer for behandling av søknader om forskning i kriminalomsorgen.

Det følger av retningslinjene at regionalt nivå i kriminalomsorgen er ansvarlig for å avgjøre søknader om adgang til å rekruttere innsatte/domfelte og tilsatte til forskningsprosjekter og for å behandle søknader om bruk av taushetsbelagte opplysninger fra kriminalomsorgen til forskning hvor det kreves dispensasjon fra taushetsplikten. Alle søknader om forskning skal vurderes individuelt. Hvis søknaden ikke anses å tilfredsstillere kravene som er skissert i retningslinjene, må det innhentes nødvendig tilleggskommunikasjon, jf. retningslinjene pkt. 5.

Det skal foretas en individuell vurdering av om det enkelte forskningsprosjekt kan være til unødig belastning for innsatte/domfelte eller tilsatte.

Lokalt nivå skal få mulighet til å uttale seg om søknaden. De skal vurdere om de har kapasitet til å ta imot forskeren, om prosjektet er praktisk gjennomførbart og sikkerhetsmessig forsvarlig.

Søknaden kan avslås av etiske, sikkerhetsmessige eller kapasitetsmessige årsaker, jf. retningslinjene pkt. 8. Tilgang til forskning i kriminalomsorgen bør i hovedsak gis i prioritert rekkefølge til forskningsinstitusjoner, til doktorgrads- og masterstudenter. I følge retningslinjene kan bachelorstudenter få tilgang til å innhente data i Kriminalomsorgen hvis søknaden anses å tilfredsstillere de krav som er skissert i retningslinjene og hvis kapasiteten tillater det.

- **Søknaden innvilges.**

Prosjektet anses for å være relevant for kriminalomsorgen.

Saken har vært oversendt fengselsleder i Agder fengsel for uttalelse. Fengselet har meldt tilbake at de har kapasitet og ønsker å bidra i prosjektet.

Kontaktperson er:

[Redacted contact information]

Det er en forutsetning at respondentene har fått informasjonsmaterialet og samtykkeskjemaet, og deretter har gitt klart uttrykk for at de ønsker å delta i studien. Videre må enheten ha ressurser til å legge til rette for at forskeren kan gjennomføre undersøkelsen på en sikkerhetsmessig forsvarlig måte. Det er en forutsetning at undersøkelsen gjennomføres som beskrevet i søknaden.

Kriminalomsorgen har ikke fullmakt til å gi tillatelse til at søker intervjuer tildligere innsatte eller fengselsprester/-diakoner.

Datainnsamlingen må være fullført senest innen 30.06.2022.

Krav til forskeren

Forskningen skal gjennomføres på en forsvarlig måte og de ansatte og innsatte skal ikke utsettes for personlige belastninger. Forskeren skal fremlegge bakgrunnsstoffet og informere fengselet ut ifra behov. Forskeren skal forholde seg til fengselets sikkerhetsmessige instruksjoner. Fengselet vil også kunne innhente opplysninger om forskerens vandel.

Taushetsplikt

Opplysninger forskeren blir gjort kjent med kan være undergitt taushetsplikt, jf. forvaltningsloven § 13. Forskeren er undergitt taushetsplikt, jf. forvaltningsloven § 13 c. Av § 13 e følger at forskeren plikter å hindre at andre får tilgang til eller kjennskap til opplysningene undergitt taushetsplikt. Overtredelse av taushetspliktsbestemmelsene er straffbart, jf. straffeloven § 209. Videre er det en forutsetning at forsker er kjent med lov om behandling av personopplysninger og personvernforordningen.

Det er et vilkår at forskeren undertegner en taushetserklæring med henvisning til bestemmelsene ovenfor. Slik erklæring utarbeides av fengselet der forskningen skal gjennomføres.

Oppbevaring av materiale

Forskeren skal påse at innsamlet materiale blir oppbevart på en forsvarlig måte, og at det foretas anonymisering av personidentifiserbare opplysninger ved eventuell publikasjon. Innsamlet materiale som inneholder personidentifiserbare data, skal makuleres så snart undersøkelsen er avsluttet.

NSD (Norsk senter for forskningsdata) har vurdert at behandlingen av personopplysninger i dette prosjektet er i samsvar med personvernlovgivningen.

Klageadgang

Dette vedtaket kan påklages til Kriminalomsorgsdirektoratet innen tre uker fra vedtaket er mottatt. En eventuell klage sendes til Kriminalomsorgen region sørvest.

Rapportering

Vi ber om at et eksemplar av den ferdige rapporten sendes til Kriminalomsorgen region sørvest, til Kriminalomsorgens utdanningscenter og til Kriminalomsorgsdirektoratet. Videre ber vi om at et eksemplar sendes til Agder fengsel.

Med hilsen

Agnes Inderhaug
ass. regiondirektør

Tove Askeland Fosså
seniorrådgiver

Kopi til: -Linda Helen Slyngstad, lindaslyngstad@gmail.com
-Agder fengsel
-KDI
-KRUS

Dette brevet er godkjent elektronisk i kriminalomsorgen og har derfor ingen signatur.